

KVAM HERAD

«Soa_Navn»

NOTAT

Til Kvam heradsstyre

Dato: 18.10.2005

Frå Gunnar Dolve

Vår ref: 04/284-59/N-640//GDOL

Framlegg - Kommunedelplan for landbruk



Kommunedelplan for landbruk i Kvam 2005 - 2014

Innholdsliste

| | |
|---|---------|
| 1. Føreord | side 2 |
| 2. Målet med landbruket | side 3 |
| 3. Samandrag | side 3 |
| 3.1. Framlegg til praktisering av jordlova og konsesjonslova | |
| 3.2. Framlegg til bruk av midlar frå SMIL og NMSK | |
| 3.3. Framlegg til spesielle tiltak, 2005 - 2009 | |
| 4. Framlegg til spesiell tiltak, 2005 - 2009 | side 5 |
| 4.1. Husdyr, folk og hus i kulturlandskapet | |
| 4.2. Nettverk for småskalaproduksjon | |
| 4.3. Rammevilkår for veksthusnæringa | |
| 4.4. Hogst, bruk av bioenergi | |
| 4.5. Rekruttering til bondeyrket, status som bonde | |
| 4.6. Tradisjonell husdyrproduksjon | |
| 4.7. «Flaskehalsar» i det offentlege vegnettet | |
| 5. Arealressursane i Kvam | side 9 |
| 6. Bakgrunn for landbruksplanen | side 9 |
| 6.1. Arbeidet med landbruksplanen | |
| 7. Lovverk, forvalting, rettleiingsteneste og fagkompetanse | side 11 |
| 7.1. Lovverket | |
| 7.2. Forvalting og rettleiingsteneste | |
| 8. Jord- og hagebruk | side 15 |
| 8.1. Utviklingstrekk i det tradisjonelle jordbruket i Kvam | |
| 8.2. Frukt, bær og grønsaker | |
| 8.3. Økologisk landbruk | |
| 9. Skogbruk og utmarksnæring | side 19 |
| 9.1. Skogbruk | |
| 9.2. Utmarksprosjektet, grunneigarorganisering | |
| 10. Kulturlandskapet | side 25 |
| 11. Tilleggsnæringar | side 27 |
| 12. Veksthus | side 29 |
| 13. Status som bonde, generasjonsskifte | side 30 |
| 14. Kommuneplan for Kvam 2002 - 2014 | side 32 |
| 14.1. Kvam som næringskommune | |
| 15. Landbruksplan for Hordaland 2004 - 2007 | side 33 |
| 16. Internasjonale og nasjonale rammevilkår | side 33 |
| 16.1. WTO-avtalen og landbruket i Kvam | |
| 16.2. Nasjonale tilhøve | |
| 16.3. Sterk støtte til landbruket | |
| 17. Innspel til planarbeidet | side 36 |
| 18. Ein del kjelder | side 37 |
| 19. Vedlegg | side 37 |
| ■ Brev om seminar med adresseliste av 3. mai 2004, ref. 04/284-9/N-640/GDOL | |
| ■ Skogen i Kvam, notat laga av tidlegare skogbrukssjef Erling Skiple, 2004 | |
| ■ Bergens Tidende, BT-magasinet 23 oktober 2004: Dagstur til spiskammerset | |

1. Føreord

9. mars 2004 vedtok heradsstyret i Kvam i sak 024/04 at heradet skal utarbeida ein kommunedelplan for landbruk. Starten av arbeidet vart meldt i medhald av Plan- og

bygningslova § 20-5, i ledd § 27-1 på heimesidene til heradet og lysing i Hordaland Folkeblad 20. april 2004.

Heradsstyret vedtok at det faste planutvalet/formannskapet skal vera styringsgruppe for planarbeidet og er formelt ansvarleg for utarbeiding av planen med innstilling til Kvam heradsstyre.

Planarbeidet har hatt fylgjande referansegruppe: Annbjørg Høydal Offerdal, Kvam bonde- og småbrukarlag, Geirmund Torpe og Bård Terje Røyrvik frå bondelaga i Kvam, Ingeborg Vik Seljebotn landbruksrelatert reiseliv, Øyvinn Askeland, skogeigarlag i Kvam, Lars Tyssebotn, småskala matforedling, Oddmund Utne, veksthusnæringa. Frå administrasjonen i Kvam herad: Næringsutviklar Jan Tjosås, utviklingssjef Jon Nedkvitne og landbrukssjef Gunnar Dolve. Forstkandidat Jørgen Frønsdal som er engasjert av heradet til å gjera skogfaglege oppgåver, har delteke på nokre møte.

Hardanger Rekneskap, 5610 Øystese ved Arne L. Aksnes og Oddvar Soldal fekk i oppdrag å leggja fram grunnlagsfakta og laga ein tekstdel med framlegg til tiltak i planen.

Referansegruppa er klar over at alle tema ikkje er like grundig handsama. Dette er den fyrste landbruksplanen i Kvam og me håpar han vert teken i bruk og revidert om ikkje altfor lenge.

2. Målet med landbruket

Hovudmålet med landbruket er å sikra ein trygg matproduksjon, stabil busetnad i distrikta, berekraftig ressursforvalting, levande kulturlandskap og verdiskaping som kan hjelpe til med å halda oppe sysselsetjinga i bygdene.

Landbruket har også eit stort ansvar for å halda oppe det biologiske mangfaldet for komande generasjoner.

I delar av Kvam er landbruket avgjerande for busetnaden. For heradet utgjer landbruket ein vesentleg del av det samla næringslivet, kulturen og det sosiale miljøet. Kulturlandskapet som er avhengig av eit aktivt landbruk, skapar mykje av bygda sin identitet, og det varierte landskapet har mykje å seia for reiselivet.

3. Samandrag

I Kvam er det i dag i underkant av 250 aktive gardsbruk med ei sysselsetjing på omlag 350 årsverk og ei verdiskaping på omlag 135 millionar kroner direkte i primærproduksjonen. Dei direkte ringverknadane frå landbruket på andre næringar, industri og foredling, offentleg og privat rådgjeving og gardsmat og servering, utgjer ein total omsetnad på nær 160 millionar kroner og gjev omlag 130 arbeidsplassar fordelt på 110 årsverk.

Av eit samla areal i Kvam på 616 kvadratkilometer er 142 kvadratkilometer produktiv skog og i underkant av 22 kvadratkilometer dyrka jord i produksjon.

Den fyrste landbruksplanen for Kvam er sett saman av ein del som skildrar utfordringane i næringa i dag og ti år framover, ein tiltaksdel for perioden 2005 - 2009 og ein faktadel inkludert kart.

På bakgrunna av planen skal heradsstyret vedta retningslinjer for praktisering av jordlova og konsesjonslova og korleis tilskota til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) bør brukast.

Landbruksadministrasjonen skal førebu eigne saker for heradsstyret på desse områda.

3.1. Framlegg til praktisering av jordlova og konsesjonslova

- Det må vera eit overordna mål å ta vare på og halda dyrka mark i produksjon. Heradet må ta opp arbeidet med å prioritera dei viktige områda med dyrka mark og kulturlandskap. Arbeidet er serleg viktig i område med utbyggingspress.
- Landbruket er viktig for busetjinga i heradet. Å halda oppe folketalet i grendene utafor sentrum er avgjerande for både dei som driv landbruk og dei som elles har hug til å bu der.
- Heradet må vera streng med handhevinga av delingsforbodet i sentral strøk. I resten av heradet kan det vera lettare å dela frå ei eller nokre få tomter med tanke på bustadbygging. Ei slik frådeling kan med omtanke og planlegging gjerast slik at det ikkje vil føra til drifts- og miljømessig ulempe for bruket og landbruket i området.
- Hus nummer to på bruket kan ikkje delast frå når det er ein integrert del av drifta på garden. I samband med generasjonsskifte, vil det vera normalt at to familiarar har trong for å bu på bruket.
- For å halda oppe busetnaden bør heradet vurdera å innføra buplikt i hus på eigedomar over 5 dekar.

Sjå elles pkt. 7 i planen

3.2. Framlegg til bruk av midlar frå SMIL og NMSK

- Det skal lagast ein plan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Med bakgrunn i framlegget til landbruksplan vil me føreslå at 70 - 80 prosent av tilskotet dei fyrste fem åra går til aktive bønder som ved hjelp av beiteplanar og andre tiltak legg opp til ei drift som tek vare på kulturlandskapet. Resten av tilskotet bør også gå til fellestiltak som rydding og merking av stiar, ta vare på kulturminne og kulturmiljø, stølsområde og utslårter.

Sjå elles pkt. 4.1. i planen

- Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) skal gå til auka hogst, skogkultur og skogsvegar. Det må vera eit mål å få tilskotet til auka hogst og skogkultur opp i 500.000 kroner årleg slik at heradet kan få tilsvarende sum i tilskot til skogsvegar.

Sjå elles pkt 4.4. i planen.

3.3. Framlegg til spesielle tiltak, 2005 -2009

Me peikar på tiltak som kan føra til vekst og verdiskaping. Tiltaksdelen skal reviderast kvart år. Dei ulike prosjekta er sett opp i uprioriterert rekjkjefylge:

- Husdyr, folk og hus i kulturlandskapet
- Nettverk for småskalaprodusentar
- Rammevilkår for veksthusnæringa
- Hogst, bruk av bioenergi
- Rekruttering til bondeyrket, status som bonde
- Tradisjonell husdyrproduksjon
- «Flaskehalsar» i det offentlege vegnettet

Det er meir detaljert skildring av dei ulike prosjekta i pkt 4, sjå nedafor.

4. Framlegg til spesielle tiltak, 2005 - 2009.

I tillegg til å visa til utfordringar innan dei ulike felta i landbruksplanen, sjå pkt. 7 til 13, vil me peika på spesielle tiltak som kan føra til ekstra verdiskaping og som er spennande å arbeida med både for landbruket og resten av næringslivet i Kvam. Det gjeld område der me har dugande fagfolk i heradet og produksjonar og tiltak som det er marknad for. At Kvam er den delen av Hardanger som ligg nærmest Bergen, kan utnyttast mykje betre.

Kostnaden med å setja i gang tiltaka og omfanget er vanskeleg å vurdera. Det må ein koma attende til når dei som kjenner ansvar for å få noko til, set i gang.

Tiltaksdelen av landbruksplanen, skal reviderast kvart år. Grønt forum kan vera eit høveleg forum for det arbeidet. Tiltaka er sett opp i prioritert rekjkjefylgje.

4.1. Husdyr, folk og hus i kulturlandskapet

Kvam har eit variert kulturlandskap som bør takast vare på. Både landbruket og reiselivet vil ha nytte av det. Utvikling av reiselivet mot Geoturisme innber at det må vera eit samspele mellom landskap, husdyr, folk og busettnad har å sei for både for dei som bur her og reiselivet. Døme: Turistveg riksveg 7, rasteplassar ved turistattraksjonar som Steinsdalsfossen og Skårvatnet.

Kulturlandskapet vårt er i stor grad eit beitelandskap avhengig av landbruksdrift med beiting av fleire husdyrslag. Med omleggingar i drifta er det viktig å oppretta på drifts- og beiteplanar for enkeltgardar, eller fleire bruk som samarbeider. Heradet bør, i samarbeid med Fylkesmannen sitt "Prosjekt beitelandskap", stimulera til at det vert utarbeidd beitebruksplanar som inneheld avtalar om leige av areal og praktisk gjerding slik at er grunnlag for både intensivt landbruk og meir ekstensiv utnytting som også tek vare på kulturlandskapet. Beiting vekselsvis med sau, storfe, geit og hest er ofte bra for både beitet og kulturlandskapet. Andre utfordringar som bør vera med i slikt samarbeid mellom fleire bruk og helst på grensnivå, er til dømes: skogplantefelt, byggestil i kulturlandskap både i grender og på stølar, turstiar og gamle «rekjkje».

Ansvar:

Sau- og geitalslaga, Tine si produsentrådgjeving, Forsøksringen og næringsavdelinga i heradet, grendeutvala i dei aktuelle glandene, aktuelle bønder.

Verkemiddel:

50.000 kroner frå SMIL-midlane som heradet disponerer bør brukast til å setja arbeidet i gang. 70 - 80 prosent av den årlege støtta gjennom SMIL-ordninga dei første fem åra bør gå til aktive bønder som helst i samarbeid med andre legg opp til drift som tek vare på kulturlandskapet. Bønder og område (grender) med samarbeid om drift, inkludert beite- og gjerdeavtalar, vert prioritert med tilskot. Det vert også gjeve tilskot til planleggingsarbeid. Resten av løyingane kan gå til meir almenne tiltak: Til dømes merking og rydding av stiar. Her vert samarbeid mellom grunneigarar, lag, skular og andre prioritert

4.2. Nettverk for småkalaproduksjon

Kvam har ein stor del bønder som driv med landbruksrelatert tilleggsnæring i liten og større skala. Foredling av mat, servering, turisme knytt garden som overnatting og utelege av hytter og hus, grøn omsorg, aktivitetar som riding, golf, turar, anna utmarksnæring og kulturbaserte opplevingar har etter kvart vorte vesentlege inntektskjelder for mange av desse. Det er framleis eit stort potensiale innan dei landbrukstilknytte tilleggsnæringane, og direkte sal av varer og tenester gjer at lønsemda kan vera god også ved små produksjonsvolum. Det er likevel ei stor utfordring å marknadsføra bedriftene og produkta slik at tilleggsnæringane gjev ei god nok inntening.

For å utvikla desse næringane kan heradet samarbeida med aktørane som er i gong og stimulera til kompetanseutvikling, marknadsføring, utvikling av salskanalar, nettverksbygging og utnytting av organisasjonar og prosjekt som allereie har fått offentleg finansiering. Utnytting av Bergensmarknaden er eit viktig mål.

Ansvar:

Representant for verksemndene som driv småskala matproduksjon, reiseliv, utmarksdrag, representant for nemndene som står bak Torgdag i Norheimsund og Frukt- og siderfestival i Øystese, Kvam Reiselivskontor, Næringsavdelinga i heradet og Mattilsynet.

4.3. Rammevilkår for veksthusnæringa

Veksthusnæringa er ein viktig del av jordbruket i Kvam. Med kring 75 årsverk og 50 millionar kroner i omsetnad er den samla næringa svært viktig for sysselsettinga i heradet.. Lokalt er vegstandarden flaskehals for næringa og gode vegar er avgjerande for utvikling. Sameleis er det viktig med høg fagkompetanse. Samarbeid med Hjeltnes gartnarskule og Ytre Hardanger Opplæringsenter kan vera ei løysinga for å få til ei lærlingeordning. Elles er rammevilkåra for næringa annleis enn for resten av landbruket.

Få kommunar i landet har så viktig veksthusnæring i høve til resten av landbruket som Kvam. Heradet kan ha føremonar og auka kompetansen sin ved å vera døme på ein viktig veksthuskommune i eit prosjekt for å avklara veksthusnæringa sine rammevilkår i landet. For veksthusnæringa i Kvam er viktige punkt i ei slik utgreiing:

- Energiprisar, veksthus er avhengig av elektrisitet, det meste av energien vert brukt til lys. Finst det alternative kjelder?
- Faglært arbeidskraft, rekruttering, utdanning, lærlingeordning, arbeidskraftkostnad
- Galopperande kostnadsauke, til td. forsikring, brannvern ol
- Viktig å halda veksthusa innan landbruksnæringa, på grunn av ma. arbeidsgjevaravgifta
- Transport og vegstandard
- Næringsvilkår i høve til internasjonal konkurranse, WTO

Ansvar:

Representantar for veksthusnæringa i heradet, organisasjonane til veksthusnæringa på lands- og/eller fylkesnivå, Hjeltnes gartnarskule, fylkesmannen si landbruksavdeling, næringsavdelinga i heradet.

4.4. Hogst, bruk av bioenergi

Kvam har ein Tiltaksplan for skogbruk 1989 - 99. Utfordringane i skogbruket har endra seg dei siste tiåra. I Kvam vert omlag 20 prosent av tilveksten i skogen teken ut. Det er eit paradoks at hogstmogen skog står urørt, medan Granvin Bruk og lokale sagbruk ikkje får nok vyrke.

Kvam herad må arbeida for at det vert sett i verk:

- Målretta tiltak for å auka hogsten. Teigar som ligg lett tilgjengeleg vert prioriterte.
- Tilretteleggjing for at dei som har skogsutstyr får nytt det i mindre drifter
- Tiltak for auka innsats i skogkultur
- Utarbeiding av oversikt over trangen for skogsvegbygging framover
- Utarbeiding av plan for utbetring av flaskehalsar i det offentlege vegsystemet
- Kartlegging treng for spesialvyrke.
- Tiltak for auka vedproduksjon
- At bioenergi vert teke i bruk som oppvarmingskjelde i større bygg i Kvam. Det må opprettast ein oversikt over kva bygg som kan vera aktuelle.

Verkemiddel:

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket skal gå til skogkultur, auka hogst og skogsvegar. Over ein periode på fem år må innsatsen, som tilskot til skogkultur, auka frå 105.000 kroner i 2004 til 500.000 kroner i 2009. Høve til å søkja om NMSK- tilskot til auka hogst, må utnyttast. Hogsten må minst doblast og vera oppe i 12.9000 kubikkmeter i 2009. Det igjen fører til at heradet kan få auka tilskot til skogsvegar.

Ansvar:

Skogeigarlaget i Kvam, Skogeigarlaget Vest, representantar for sagbruka i heradet og næringsavdelinga i heradet.

4.5. Rekruttering til bondeyrket, status som bonde

Haldninga frå foreldregenerasjon, andre bønder og samfunnet omkring har stor innverknad på om unge i dag vel å busetja seg på gardsbruk. For å betra rekrutteringa til landbruket som yrke og landbrukseigedomane som buplass kan fylgjande tiltak setjast i verk.

Fleire innspel i planarbeidet har vore inne på eit tilgjengeleg register over bruk ute av drift, tilgang på leigejord og spreieareal m.m. for å halda dyrka jord i produksjon. Eit slik register kan eventuelt leggjast ut på nettsidene til heradet.

Viktige punkt i dette arbeidet vil vera:

- Aktiv velkomst frå faglag med utvikling av ei fadderordning med oppfylgjing.
- Oversikt over bruk ute av drift, med ledig leigejord og spreieareal
- Kartlegging av ledige gardsbruk, og oppmoding til eigalar om å selja
- Meir vekt på orientering om landbruksnæringa i barnehagar, skuleverk og yrkesrettleiing, og ei målretta satsing på entreprenørskap i skulen
- Støtta opp om 4H sitt arbeid
- Vektlegging av bonden og garden som kulturerbar: Arbeidstradisjonar, byggjeskikk m.m. Dette kan gje grunnlag for auka verdiskaping innan ein rekkje felt innan tilleggsnæringar.
- Det er avgjerande å sikra ei god avløysar- og landbruksvikarordning.

Ansvar:

Bondelaga og bonde- og småbrukarlalaget i Kvam, Produsenttenesta hos Tine, Næringsavdelinga i heradet, Forsøksringen og Grønt Forum.

4.6. Tradisjonell husdyrproduksjon

I arbeidet med landbruksplanen har det kome fram at det må vera ei klar målsetjing å halda opp volumet i produksjonen og auka moderat. For totaliteten i husdyrproduksjonen i Kvam er det viktig å ta vare på dei små, men aktive miljøa innan fjørfe, gris og pelsdyr.

Aktuelle tiltak kan vera:

- Ta vare på produksjonsmiljøet i mjølkeproduksjonen. Stimulera til å auka den faglege kompetansen ved samdrift og anna samarbeid. Prosjektet "Vi satsar på mjølk" er ein naturleg samarbeidspart i denne samanhengen. Kommunal støtte til kjøp av mjøkekvote vil vera eit tydeleg signal om at ein ynskjer å oppretthalda produksjonen i heradet.
- Stimulera til kjøtproduksjon med ammekyr og få fram eit kvalitetssortiment frå ulike kjøtferasar. Kompetansetiltak bør gjennomførast i samarbeid med Gilde.
- Sauhaldet må oppretthalda. Det må tenkjast nytt med omsyn til sauerasar og samdriftsformer som fører til meir beiting og enklare driftsbygningars. Beiting og kulturlandskap heng nøye saman. Tiltak som vert sett i verk i prosjektet "Sau +" bør utnyttast.
- Generell stimulering til samarbeid og prosessutvikling på eit breidt plan. Det er viktig at eigarane tek medvitne val. Heradet kan påverka gjennom deltaking i ulike faglege samanhengar når TINE, Gilde, Forsøksringen, og andre organisasjonar arrangerer fagmøte. Det er vidare viktig å informera om utviklingsprogram som t.d. "Bygdekompasset" som vert sett i gong vinteren/våren 2006.

Ansvar:

Faglaga, Tine, Gilde, Forsøksringen og rekneskapskontor.

4.7. «Flaskehalsar» i det offentlege vegnettet

Alle greiner av landbruket er avhengig av tenleg transport. Det er nok å nemna: Tømmer, veksthus, mjølke- og dyrebilar osv. Utstyret vert tyngre og lengre og kravet til vegstandard aukar. I mange tilfelle er skogsvegar og privat gardsvegar av betre standard enn den kommunale eller fylkesvegen som skal føra transporten vidare. Det finst også trafikkfarlege avkjøyringar knytt opp til landbruket.

For å få tryggare trafikkløysingar og lovlege transport er det viktig å kartleggja og utbetra desse tilhøva.

Ansvar:

Næringsavdelinga i heradet, Statens vegvesen, skogeigarlag, bøndene sine faglag

4.8 Utbygging av Småkraftverk

Kvam herad har eit stort potensiale innan småkraftutbygging. I fylge NVE det det potesiale for utbygging av 73 småkraftverk med ein samla produksjonskapasitet på 375 GWh. Ein kan stå framfor investeringar for fleire hundre mill. kroner innan dette området framover. Kvam herad bør ha kompetanse innan feltet, og vera ein aktiv part ved diskusjonar om utbyggingsalternativ, finansieringsformer og liknande. Kvam herad og Fylkesmannen er andre aktuelle samarbeidspartar.

Ansvar: Kommunalsjefar, Næringsavdelinga i heradet, Kvam kraftverk

4.9 Landbruksbasert utmarksnæring

Potensialet innan fritidshusutbygging og ulike reiselivsprodukt i tilknyting til dette tykkjest vera stort. Arealdelen i kommuneplanen legg opp til stor utbygging også i nye område. I nye område er det spesielt viktig å vera oppteken av å ta vare på dei kvalitetane som har tiltrekkingskraft på kundane (strandlinje, friluftsområde etc.). Utvikling av opplevingsprodukt er aktuelt, og bør vera ein integrert del av reiselivssatsinga i heradet. Kvam herad kan bidra til gode prosessar ved tydeleg styringssignal i høve til arealutnytting og ved at det vert sett i vert prosessar som fører til auka kompetanse og forståing for heilskapleg utvikling.

Ansvar:

Formannsskapet i Kvam, næringsavdelinga i heradet, Kvam grunneigarsamskipnad og grunneigarlaget i heradet

5. Arealressursane i Kvam

Kvam herad har eit totalareal på 616 kvadratkilometer. Av det samla arealet er 28 kvadratkilometer jordbruksareal, 145 kvadratkilometer produktivt skogareal og 32 kvadratkilometer ferskvatn, fordelt på 1156 vatn, av desse er 62 vatn større enn 50 dekar. Desse registreringane er henta frå «Miljøstatus for Kvam» som var utarbeidd i 1994. I 2004 er det gjort nye registreringar og utrekningar av arealet under skoggrensa i Kvam (E. Skiple, 2004). Det samla arealet er på 255800 dekar. 210000 dekar er utmark, som igjen er fordelt med 142500 dekar produktiv skog, 89000 dekar drivbar og 53500 dekar i «0-område», anna skog (fjellskog) 44900 dekar, 12250 dekar impediment, 2750 dekar skogreservat og 7600 dekar hytteområde i skog. 45800 dekar er jordbruksareal og kulturlandskap, inkludert tettstadar og alle utbygde område. Etter søknadane om driftstilskot er jordbruksarealet i heradet 21620 dekar i 2003. Det arealet er ikkje nok til å brødfø innbyggjarane i heradet.

Sjå også kartdelen og faktadelen i planen.

6. Bakgrunn for landbruksplanen

Alle kommunar treng ein landbruksplan i samband med at forvaltingsansvaret og vedtaksmynande for store delar av økonomiske og juridiske verkemiddel innan landbruksforvalting vart overført til kommunane frå 1. januar 2004. Staten krev at det føreligg planar for bruk av dei økonomiske verkemidlane. Målet med planarbeidet er å få fram korleis landbruket sine ressursar kan nyttast i arbeidet med å auka busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i heradet. Landbruksplanen skal visa mål og strategiar for å kunna møta utfordringane i næringa og forvaltinga av ressursane.

6.1. Arbeidet med landbruksplanen

Etter at faktadelen av landbruksplanen var klar i slutten av april 2004, vart det kalla inn til eit seminar der det vart bedt om innspel til planarbeidet. I tillegg til offentleg utlysing gjekk det ut innkalling som brev til fag og interesselag for landbruk i heradet, styringsgruppa, politiske parti, grenadautval, reiselivsorganisasjonar og næringslag, sjå vedlegg med brev og adresseliste. Det var omlag 35 deltakarar på seminaret.

Seminaret hadde fyrst tre innlegg:

- Kommunalsjef Øystein Aadland stilte på kort varsel opp for ordførar Astrid-Kristin Selsvold, tema: Landbruk og kulturlandskap i Kvam, i dag og i framtida. Arbeid med landbruksplanen i høve til andre kommunale aktivitetar.
- Landbruksdirektør Ole Bakkebø, Fylkesmannen si landbruksavdeling: Kva utfordringar står landbruket framfor? Korleis knyter me dette inn til landbruksplanen for Kvam?
- Jordbruksjef i Kvinnherad kommune, Karin Thauland: Korleis har me arbeidd med landbruksplanen i vår kommune, og kva resultat ynskte me å oppnå? Korleis har me fått medverknad frå landbruket og samfunnet elles ?

Etter innleiingane vart deltarane delt i grupper med følgjande tema og deltarar. Tilknyting i parantes.

Jord- og hagebruk

Per Ove Sæleset (Vikøy bondelag), Liv Lyngstad (Øystese sauealslag og Hardanger Midthordland Forsøksring), Harald Kjosås (Formannskapet, Krf), Bård Terje Rørvik (Strandebarne Bondelag, referansegruppa), Henrik Henriksen (bonde med sau), Georg Aarhus (Vikøy bondelag)

Veksthus

Martin Vik (Formannskapet, Sp), Jan Tjosås (Kvam herad, næringsutviklar, referansegruppa), Arne L. Aksnes (Hardanger Rekneskap, konsulent for landbruksplanen), Oddmund Utne (Veksthusnæringa, referansegruppa), Dagfinn Vik (Formannskapet, Frp)

Skog og utmark

Geirmund Torpe (Øystese bondelag, referansegruppa), Andreas Østlund (Kvam fruktdyrkarlag), Johannes Heradstveit (Skog og sag), Annbjørg Høydal Offerdal (Kvam bonde- og småbrukarlag, referansegruppa), Øyvinn Askeland (Ytre Hardanger Skogeigarlag, referansegruppa) og Jørgen Frønsdal, Kvam herad

Kulturlandskap

Jon Nedkvitne (Kvam herad, utviklingssjef, referansegruppa), Bjørg Tellefsen Enes (Formannskapet, SV), Lene Tørvik, Karsten Valland (Formannskapet, Sp), Vigdis Håland (Formannskapet, Ap), Kåre Fosso (Vikøy/Aksnes grenadautval), Kåre Nes, Øystein Aadland (Kvam herad, kommunalsjef)

Tilleggsnæringer

Steinar Skeie (Vikøy bondelag), Gunnar Dolve (Kvam herad, jordbruksjef), Arnvid Steinstø (Frukt, gardsturisme), Ingeborg Vik Seljebotn (Kvam reiselivslag), Lars Tyssebotn (Småskala foredling, ost og kjøt), Oddvin Aksnes (Vikøy, Aksnes, Vangdal grunneigarlag)

I tillegg på deltarlista: Ivar Riise, Kvam herad og Jostein Brattabø, Kvam herad.

Med utgangspunkt i ordskiftet på seminaret, arbeid i referansegruppa og andre innspel kjem me i det vidare inn på viktige utfordringar i landbruket. Referansegruppa har hatt fem møte. På møta har Gunnar Dolve orientert og lagt fram bakgrunnsmateriale for bruk av jord- og konsesjonslova (28. sept) og bruk av SMIL-midlar og skogbruksmidlar (19 okt). Tidlegare skogbruksjef i Kvam, Erling Skiple, har laga notatet «Skogen i Kvam» og hadde innlegg på eit møte i referansegruppa (28. sept). Teamkoordinator Per Aas Moen i Næringssteamet i Fylkesmannen si landbruksavdeling deltok på møtet 28. oktober og kom med nytige innspel i sluttfasen.

Styringsgruppa har vorte orientert om arbeidet med planen. I møte 12. oktober vart fristen med å gjera planen ferdig utsett til 1.november 2004.

Referansegruppa har møtt svært nær fulltalig i alle møta. Ordskiftet har vore nyttig og det har kome fram ulike syn. Me som har skrive planen, har summert opp viktige synspunkt i slutten av kvart avsnitt. Det er markert som kursiv tekst. Alle i referansegruppa er ikkje samde i alle synspunkta..

Gjennom prosessen har me kome fram til at nokre oppgåver er viktigare enn andre. Dei vert kort skildra som eigne prosjekt som me meiner skal arbeidast vidare med dei nærmeste åra. Sjå pkt 4.

Landbruksplanen skal vera grunnlag for heradet sine vedtak i saker etter jordlova og konsesjonslova. Likeins vert legg planen fram bakgrunnsstoff for korleis tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) kan nyttast. Det er administrasjonen i heradet si oppgåve å laga framlegg til vedtak for heradsstyret på dei to områda.

7. Lovverk, forvalting, rettleiingsteneste og fagkompetanse

Dei statlege landbrukskontora vart kommunale i 1994. Dei siste åra har talet på tilsette ved landbrukskontoret gått mykje ned. Arbeidet har dreia seg om offentleg forvalting etter lovverket, forvalting av ulike tilskotsordningar, viltforvalting og oppgåver i samband med tilliggsnæringer knytt til landbruket..

For nokre år sidan vart det laga ei landbruksfagleg vurdering av arealet i heradet for å koma fram til ei differensiert arealforvalting. Heradsstyret sende saka ut til høyring hos aktuelle organisasjonar og grendeutval. Det kom nesten ikkje inn fråseigner. Resultatet av prosjektet kjem til å framgå i arealdelen i kommuneplanen for Kvam, som LNF-L område.

På konferansen «Kampen om arealene» i Stavanger i september 2004 oppmoda landbruksministeren kommunane om å kartleggja arealressursane for lettare å kunna prioritera kjerneområde for jordbruk og kulturlandskap. Mat og areal for matproduksjon er eit globalt spørsmål som alle må vera med å ta ansvar for. I same konferansen vart det understreka at kommunane har eit spesielt ansvar for å ta vare på arealet som er dyrka. Målet er at omdisponeringa av dyrka jord skal halverast innan 2010.

Oppsummering frå seminaret:

Industri må leggjast til usparde område

Omstruktureringa fører til auka andel av leigejord på brukseiningar som er i drift.

Lettdrivne areal i dårleg hevd vert ei utfordring. All god og velarrondert jord skal brukast til jordbruk

Det må vera rom for nydyrkning.

Innspel til planen frå:

Kvam bonde- og småbrukarlag:

I størst mogeleg grad bør dyrka mark vernast. Kva med å oppretta ein jordbank, der dei som lyt gje frå seg dyrka mark, kan få tilbod om anna jord.

Avkjørsler bør vera mest mogeleg oversiktlege og godt tilgjengelege slik at transport (dyrebilar, tankvogner og andre større køyrety) har god sikt og plass for oppdragene sine.

Lars Tyssebotn:

Ein føresetnad for å utvikla gardsbruk til arbeidsplassar er at heradet legg til rette for det.

Med dette tenkjer me på gode utkjørsler frå gardane, vedlikehald av vegar, ryddige skråningar, god brøyting, strøng og skilting. Ein annan viktig faktor er tilgang på reint,

godkjent vatn. Det er ein føresetnad for all matproduksjon og all turisme, og må difor prioriterast høgt over heile heradet.

Johannes Skogseide Børsheim:

Grunneigar sine rettar og plikter, mellom anna gjerdeplikt. I dei seinare åra har det vorte slurva. Det fører ofte til at husdyr kjem inn på innmarka og trekkjer også inn på andre eigedomar. For bøndene som eig dyra, fører det til mykje ekstra arbeid. Å halda oppe gjerdeplikta må vera ein del av landbruksplanen for Kvam.

Bakka-Børsheim-Tangerås hjortevald:

Same argumentasjon som ovafor.

Tørvikbygd grunneigarlag:

Det kommunale vegnettet må rustast opp og vedlikehaldast slik at ein kjem fram med tungtransport og maskiner til jord- og skogbruk på ein kostnadseffektiv måte.

Innstranda grendautval:

For å oppretthalda bygdene må primærnæringane stå sterkt. Det er viktig i høve til folketalet og spreidd busetnad i heradet. Me står føre store investeringar i landbruket dei neste 20 åra. Vil me ha eit aktivt jordbruk så må heradet vera ein aktiv medspelar.

Bondelaga i Kvam:

Mange av rammene og føresetnadane for landbruket vert vedtekne på nasjonalt og internasjonalt nivå, men det er også mange måtar Kvam kan vera med og leggja positivt til rette for ei utvikling som tek vare på kulturlandskapet og arbeidsplassane. Dette vil igjen vera grunnlag for busetnad og gje positive ringverknadar, både på næringsliv og kulturliv.

Når det gjeld arealbruken bør det vurderast om ein skal nytta ei anna grense for konsesjonsplikt enn den generelle arealgrensa, eventuelt om det skal gjelda i heile eller deler av kommunen. Den beste dyrka eller dyrkbare jorda må vernast mot omregulering og nedbygging. Samstundes bør ein vera liberal til frådeling av einskildtomter og mindre bustadfelt i dei minste grepene der det er mest viktig å styrkja busetjinga. Ofte kan ein få rimelege og praktiske løysingar utan store investeringar i veg, vatn etc. og utan å skapa store konflikter i høve til gardsdrift eller varetransport.

Kvam må halda opp den landbruksfaglege kompetansen, både jord-, skog- og hagebruk. Desse stillingane må vera faste og knytt til heradsadministrasjonen. Det trengst for å få forsvarleg handsaming av alle pålagde saker og for å ha kapasitet til å hjelpe og fylgja opp næringsurøvarane i samband med etablering, større investeringar og ikkje minst alle søknader om ulike stønadsordningar. I tillegg bør heradet støtta forsøksringen i minst same omfang som no, for å sikra den rådgjevinga og hjelpa til med gjødselsplanar, miljøplanar, jordprøvetaking osb. som heradet så skal kontrollera at er på plass.

Infrastruktur: Mange avkørsler, private, kommunale og fylkeskommunale vegar har så dårlig standard at det er både farleg og svært upraktisk. Serleg skogbruket og gartneria treng å koma fram med store vogntog, men også mjølkebil, dyretransport og traktorar med landbruksreiskap krev i dag tenlege vegar og romslege og oversiktlege vegkryss.

7.1. Lovverket

Heradet sine oppgåver innan landbruket er i hovudsak forvalting etter jordlov, konsesjonslov, odelslov, viltlov, forvalting av ulike tilskotsordningar, viltforvalting og oppgåver i samband med tilleggsnæringar knytt til landbruket.

Frå 1. januar 2004 fekk heradet delegert fullmakter som tidlegare låg hos Fylkesmannen i dei fleste lovsaker under jordlov, skoglov og konsesjonslov. Heradet fekk også fullmakter i høve til løyving av tilskotsmidlar til tilleggsnæringer og spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap (SMIL).

I Kvam har formannskapet formelt mynde, men ein del saker er delegert til administrasjonen. Staten føreset at kommunane utøver eit lokalt skjøn for å sikra busetjing, sysselsetjing og levedyktige lokalsamfunn innan ramma av nasjonal landbrukspolitikk.

I rundskriv M-4/2003 frå Landbruksdepartementet vert det sagt: «Ved overføring av myndighet til kommunen i bl.a. omdiponerings- og delingssaker, gjelder også kravene til forsvarlig saksbehandling, til begrunnelse av avgjørelsen og til utredningsplikt».

I jordlova er det paragrafane 9 (omdisponering) og 12 (frådeling) som er mest aktuelle. Hovudregelen er at dyrka og dyrkbar jord ikkje skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. «Serlege høve» kan gje grunnlag for omdisponering. Då skal ein det takast omsyn til planar etter plan- og bygningslova, kulturlandskap, drifts- og miljømessige ulepper for landbruket og samfunnsgagnet. Men føremålet med jordlova er å leggja tilhøva til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan bli brukt på den måten som er gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Driftsbygningar og landbruksvegar treng ikkje løyve til omdisponering etter jordlova, men driftsbygningar skal meldast etter plan- og bygningslova og vegar skal meldast og handsamast etter eiga føresegn.

Når det gjeld frådeling skal ikkje eigedom som er eller kan nyttast til jordbruk, delast. Men frådeling kan godkjennast dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det og at det er forsvarleg ut frå omsynet til avkastinga eigedomen kan gje.

Det må vurderast om dei drifts- og miljømessige uleppene ei frådeling vil kunna føra til, er av ein slik karakter at det i avgjerande grad talar mot at det vert gjeve samtykkje til frådeling. Konsesjonslova regulerer omsetnaden av mellom anna landbrukseigedomar. Det er no fri omsetnad av bebygde eigedomar under 100 dekar, dersom det ikkje er over 20 dekar fulldyrka jord. Innan familien er det som før konsesjonsfri overdraging. Konsesjonslova har ein svært moderat priskontroll.

Etter konsesjonslova kan ein no eiga fleire hus- og hyttetomter innan kommunen, men ein må byggja på tomtene innan fem år etter overtaking. Bu- og driveplikt etter lova gjeld konsesjonspliktige eigedomar og odelseigedomar. Bu- og driveplikta gjeld i fem år, driveplikta kan løysast gjennom bortleige i 10 år.

Kommunen kan søkja om å få lov til å innføra «nullkonsesjon». Det vil seia buplikt for bustadhus i heile eller deler av kommunen. I søknaden kan ein avgrensa innføring av konsesjon på eigedomar over eit visst areal, til dømes 0, 5 eller 20 dekar. Det er ikkje snakk om personleg buplikt, huset kan vera uteleigd. Eit slikt verkemiddel kan styrka busetjinga i kommunen. Innføring av «nullkonsesjonsgrense» vil gjera reglane om buplikt i konsesjonslova og odelslova meir effektive.

Referansegruppa:

- *Det må vera eit overordna mål å ta vare på og halda dyrka mark i produksjon. Heradet må ta opp arbeidet med å prioritera dei viktige områda med dyrka mark og kulturlandskap. Arbeidet er serleg viktig i område med utbyggingspress.*
- *Landbruket er viktig for busetjinga i heradet. Å halda oppe folketallet i grendene utofor sentrum er avgjerande for både dei som driv landbruk og dei som elles bur der.*
- *Referansegruppa tilrår at heradet er streng med handheving av delingsforbodet i sentrale strøk, frå og med Steinestø til og med Aksnes. I resten av heradet må det vera lettare å dela frå ei eller nokre få tomter med tanke på bustadbygging. Ei slik frådeling kan med litt omtanke og planleggning gjerast slik at det ikkje vil føra til drifts- og miljømessig ulempa for bruket og landbruket i området.*

- *Hus nummer to på bruket kan ikkje delast frå når det er ein integrert del av drifta på garden. I samband med generasjonsskifte på bruk, vil det vera normalt at to familiar har trong for bustad på bruket.*
- *For å halda oppe busetnaden bør heradet vurdera å innføra buplikt i hus på eigedomar over 5 dekar.*

7.2. Forvalting og rettleiingsteneste

I 2004 er det to tilsette med landbruksfagleg utdanning ved næringsavdelinga i heradet. Heradet leiger inn skogfagleg kompetanse på kortvarige kontraktar på timebasis, førebels fram til 1. februar 2005. I tillegg tilbyr avdelinga hjelp til skogskjøtsel og landbruksvikar, i praksis via Kvam avløysarlag.

Det er svært lite tid til offentleg, fagleg rettleiingsarbeid. Ein del av dette arbeidet er overteke av organisasjonar og private. Mange av desse tenestene er knytte opp til Kvam.

Hardanger og Midthordland forsøksring som frå 1. januar 2005 går inn i Forsøksringen Hordaland, har kontor i Øystese. Ringen har 1,5 stillingar. 180 av 330 medlemer er i Kvam. Tine produsentrådgjeving har som forsøksringen kontor i Kvam Fruktlager. Kontoret har 1,5 stillingar. Omlag 0,7 stilling vert brukt til å rettleia mjølkeprodusentane i Kvam. Hardanger Rekneskap, som heilt dominerer i rekneskapsføring for bønder i Kvam, har sju tilsette. I tillegg til å føra rekneskap for landbruk driv dei rettleiing innan driftsrekneskap og driftsanalysar, eigedomsoverdraging, takst av landbrukseigedomar m.m. I same kontorfellesskapet har Kvam avløysarlag og maskinring kontor. Avløysarlaget administrerer landbruksvikarordninga for heradet. Landbruksvikaren har heil stilling og skal først og fremst hjelpe bønder ved sjukdom. Avløysarlaget har 165 medlemer og løner ut 300 personar, mest ungdomar, som har arbeid på gardane. Det vert skipa til avløysarkurs årleg. I motsetnad til mange andre kommunar, er det ikkje vanskar med å skaffa nok avløysarar i Kvam. I 2003 fekk medlemene i avløysarlaget 3,2 millionar kroner i avløysartilskot. Avløysarlaget løna til saman ut omlag fem millionar kroner til arbeidshjelp i landbruket i 2003. Avløysarlaget driv også Kvam Reiselivskontor.

På fylkesnivå samarbeider forsøksringen, Tine, Felleskjøpet og Gilde om rådgjeving. Veterinærtenesta, dyrevernet og næringsmiddelkontrollen er også omorganisert. Mattilsynet vart etablert i 2004. Det var ei samanslåing av Statens næringsmiddelkontroll, det interkommunale næringsmiddeltilsynet, Dyrehelsetilsynet, Fiskeridirektoratet si sjømatavdeling og Statens landbruksstilsyn. Mattilsynet har kontor i Norheimsund. Kontoret dekkar: Odda, Ullenvang, Eidfjord, Jondal, Fusa, Samnanger og Kvam. Ved kontoret er det åtte fagfolk: Fem veterinærar, ein mikrobiolog, ein næringsmiddelteknolog og ein med meieriutdanning.

Mattilsynet er også sekretariat for den regionale dyrevernemnda for Hardanger.

Kvam veterinærkontor har tre praktiserande veterinærar. Kontoret har laboratorium og er samlokalisert med Mattilsynet.

Mattilsynet er eit reit forvaltingsorgan. I forhold til tema som vert tekne opp i landbruksplanen, kjem mattilsynet inn i:

- saker som har med dyrehelse og velferd å gjera. Mattilsynet gjer vedtak etter forskrifter og reglar, medan dyrevernemnda gjer vedtak som går på skjøn.
- drikkevassføresegner. På gardsbruk gjeld drikkevassføresegnehene. I praksis vert det teke ein prøve pr år med eit avgrensa tal parameter på dei gardsbruka som i har privat vassforsyning.
- krav til og godkjenning av all matforedling.

Heradet har skipa eit «Grønt forum» som eit kontaktorgan mot næringa. Til samlingane i Grønt forum vert alle organisasjonar i landbruket kalla inn, elles møter representantar frå

privat og offentleg rettleiingsteneste og landbruksstyresmaktene. Ofte brukar Fylkesmannen si landbruksavdeling Grønt forum til å informera om ulike tiltak.

Bøndene i Kvam har eit godt tilbod om organisering i faglag og andre næringsorganisasjonar.

Referansegruppa:

- *Heradet må ha landbruksfagleg kompetanse på minst same nivå som då planarbeidet tok til. Skog- og utmarksfagleg kompetanse må betrast.*
- *Heradet sin landbruksfaglege kompetanse er avgjerande for at bøndene skal få utnytta dei offentlege midlane som er tilgjengelege.*
- *Støtta til forsøksringen er ekstra viktig når den landbruksfaglege rettleiinga har vorte flytta frå den kommunale forvaltinga.*
- *Heradet må halda oppe aktiviteten i Grønt Forum med minst to møte i året. Forumet vert ein viktig møtestad når tiltaksdelen av landbruksplanen skal setjast ut i live.*

8. Jord- og hagebruk

8.1. Utviklingstrekk i det tradisjonelle jordbruket i Kvam

Her har me mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon på stor- og småfe, kraftførbaserte produksjonar, åkerbruk.

Det er denne delen av landbruket som får det meste av overføringane frå staten gjennom jorbrukstingingane og andre ordningar. Samla var overføringane på topp i 2001 med vel 35 mill kroner. I 2003 var dei samla overføringane på vel 32 mill kroner. Av dette er produksjonstillegget 22,3 mill og avløysartilskot 4,9 mill. Sjå elles faktadelen i planen. Vurderingane som no kjem, er tufta på informasjonen som er talfesta i faktadelen til landbruksplanen.

I Kvam som elles i landet er det nedgang i talet på bruk som søker produksjonstilskot. I 2003 er talet kome ned i 234. Frå 1989 til 1999 gjekk talet ned frå 386 til 332. Frå og med 2003 vart registreringa endra ved at bruk som hadde årleg omsetnad under 30.000 kroner, ikkje får produksjonstilskot.

Areal i drift held seg oppe. I 1989 var det 21937 dekar i drift. Det auka til 23132 dekar i 1999, medan det vart søkt om tilskot til 21620 dekar i 2003. Det går såleis mot færre og større brukseiningar. Gjennomsnittstorleiken i 2003 er på vel 92 dekar.

Dyretalet har halde seg stabilt dei siste åra. Talet på mjølkekyr går litt ned frå 1230 i 1999 til 1146 fordelt på 83 bruk i 2003. Mange bruk har kjøpt større mjølkekvote. Etter 2001 er det skipa 10 samdrifter innan mjølke- og kjøtproduksjon. 23 brukarar er med i samdriftene som har 251 mjølkekyr.

Sauetalet endrar seg uvesentleg, det er 5579 vinterfôra sauер fordelt på 115 bruk i 2003. Eitt bruk har 107 mjøkegeiter. I 2003 var det 861 pelsdyrtisper (rev og mink) fordelt på 5 bruk. Både grise- og hønetalet går attende.

I 1999 vart det for første gong registrert landbrukstilknytta tilleggsnæringer, som stadig har auka i omfang. 45,2 prosent av bruken har slike næringer. Tilsvarande tal er 29,2 prosent for Voss og 27,2 prosent for Kvinnherad.

Strukturen i landbruket i Kvam er i all hovudsak ikkje tilpassa storskala landbruk. Men me har gode produksjonsmiljø innanfor det «tradisjonelle» landbruket som me skal ta vare på og utvikla.

Oppsummering frå seminaret:

Målet må vera å halda oppe produksjonsmengda i tradisjonelt landbruk. Mjølkemengda vert stabil, men produksjonen vert fordelt på færre og større driftseiningar. Det vert fleire

samdrifter og samstundes rom for ein auke i lokal foredling. Dei gode areala må nyttast i mjølkeproduksjon.

Kjøtproduksjon på storfe kan haldast på same nivå som i dag. Det same gjeld sau. Også innan sau er det mogeleg med samdrift.

Ein bør sjå på planar for beitebruk både med omsyn til å få utnytta gode beite betre og med tanke på kulturlandskapet og tenleg gjerdehald.

Dei kraftforbaserte produksjonane er avhengig av nok spreieareal. Det kan sjå ut som det er eit hinder for auke.

Innspel til planen frå:

Kvam bonde- og småbrukarlag:

Det er viktig at Kvam herad får ein god og solid landbruksplan, men like viktig er det at politikarar og byråkratar fylgjer opp planen.

I botnen må det konvensjonelle landbruket liggja. Det er grunnfjellet i landbruket.

Øystese saualslag og Vikøy saualslag:

Det er viktig å halda oppe sauetalet i kommunen for å halda på eit ope kulturlandskap.

Sauaalslag ser på attgroing som ein av dei største miljøutfordringane i landbruket. Det er viktig at miljøtiltaksmidlane vert nytta for å hindra attgroing, stimulera til slått av brattlendt jord og leggja til rette for beitebruk. Ein ynskjer at desse midlane skal nyttast til dei som er aktive gardbrukarar.

Mange sauueigarar slit i dag med å halda sauene på dei rette beita. På grunn av manglande gjerdehald kjem sauene lett over på nabobeite eller dei kjem ned mot bygda tidleg på sommaren. Det er også konfliktar mellom beitedyr og hytteeigarar. For mange kan desse problema vera så store at dei sluttar med sauehald. Det bør utarbeidast ein beitebruksplan for Kvam, alternativt at ein i første omgang utarbeider planar for dei områda der problema og konfliktane er størst. Beitebruksplanane bør innehalda ei oversikt over bruken og verdien av beitinga i dag, gjera synleg konfliktane og felles interesser ved beiting og føreslå tiltak som styrkar beitebruken og reduserer konfliktane. Dei gamle gjerdelinene bør vurderast og ein må eventuelt koma med framlegg om nye gjerdelinene der det er mest tenleg. Det må setjast opp nye avtalar om gjerehald.

Me ser størst og mest akutt trøng for beitebruksplan i Tørvikbygd og Strandebarm og på Kvamskogen. Me vil peika på at det spesielt på Kvamskogen er uoversiktleg beiting.

Beiterettane der er for det meste utleigd til sau-eigarar frå andre kommunar. Vikøy saualslag får kvart år mange telefonar om dyr som vert påkøyrd av bil eller til sjenanse for hyttefolk og næringsdrivande, utan at dei veit kven som eig sauene.

Beitebruksplanane bør innehalda oversyn eller register over kven som har sauene i området, kven dei leiger beiterett hjå, korleis sauene er merkte og kven som er kontaktperson. For Kvamskogen bør dette registeret vera på plass alt for sesongen 2005.

Vassdraga i kommunen fungerer i mange tilfelle som sjølvgjerde for beitedyra. Det er viktig at inngrep som bruer, vassregulering og anna ikkje fører til at sjølvgjerde-effekten forsvinn.

Strandebarm grenaudval:

Det er særskilt viktig å oppretthalda landbruket. Det er viktig for busetnaden i bygdene og for å ta vare på kulturlandskapet.

Hordaland pelsdyralslag:

Norges pelsdyralslag arbeider aktivt med å rekruttera fleire medlemer og pelsdyrprodusentar. Denne næringa har ei gjennomsnittleg inntening som ligg vesentleg høgare enn dei fleste andre landbruksproduksjonar. For tida har mink- og sølvrevprodusentane best lønsemada, men prisane svingar mykje i takt med verdsmarknaden sin etterspurnad.

Kvam har alt eit aktivt pelsdymiljø, men talet på produsentar har gått ned dei siste åra. For å ta vare på og styrkja miljøet, vil eit samarbeid mellomheradet og pelsdyralslaget vera kjærkome. Utviding av produksjonen vil vera med på å styrkja grunnlaget for fôrleveransar, betra grunnlaget for å rekruttera avløysarar med pelsdyrkunnskap, auka det faglege nivået hjå oppdrettarane og gje grunnlag for faglege og sosiale møteplassar. Å bidra til at det vert «ei klynge» av pelsdyrprodusentar i Kvam, vil vera ei satsing som gjev langsigktige næringseffektar.

Norges Pelsdyralslag har sett i gang fleire tiltak for å rekrutteringa til næringa. Den norske produksjonen av mink- og reveskinn er liten og ein auke kan ikkje reknast å ha innverknad på verdsmarknaden av skinn. Mink har mest stabil økonomi.

Hordaland pelsdyralslag føreslår følgjande konkrete tiltak:

- skipa til breidt informasjonsmøte om pelsdyrproduksjon, inkludert farmbesøk.
- arrangera fagtur for å sjå på minksatsing
- samla så mange interesserte at det er grunnlag for kurs om pelsdyrproduksjon
- utnytta Norges pelsdyralslag si fadderordning
- oppdrettarane i Kvam vil hjelpe dei som startar og skaffa rimelege avlsdyr. Landslaget gir rentefrie lån til kjøp av avlsdyr, og rimelegare før i ein startfase.
- vurdera grunnlaget for eit fellesområde for pelsdyr med dei føremoner dette gjev for fagleg og sosialt samarbeid. Eventuelt samarbeid med andre kommunar.
- gje hjelp i samband med BU-søknadar til investeringar.

Bondelaga i Kvam:

Ta vare på volumproduksjonen og dei gode brukarmiljøa. Det er framleis husdyrproduksjon og gartneria som har flest årsverk og ein stor del av verdiskapinga. Her ligg mykje god fagkunnskap, og her er grunnlaget for ein del av tilleggsnæringane.

Me vil spesielt nemna mjølkeproduksjonen som framleis er sjølve ryggrada i det tradisjonelle landbruket i Kvam. Strukturutviklinga har vore sterkt siste åra, investeringstrøgen er stor og framtida synest usikker. For mange verkar samdrifter å vera vegen å gå for å møta alle krav, men det må framleis vera rom for einskildbruk av alle storleikar. Det er avgjerande å ha god avløysarordning og lett å få landbruksvikar ved sjukdom.

Sauenhaldet er viktig for å stella kulturlandskapet og kan vera basis for utvikling av tilleggsnæringar.

Pelsdyr er ein produksjon som gjev godt betalt for god og målretta innsats. Det høver godt som tillegg til andre produksjonar for å skapa heiltids arbeid. Pelsdyrfôr er for ein stor del basert på slakteavfall som elles er eit problemavfall. Det er såleis god ressursbruk

Referansegruppa:

- *For å kunna ha tilleggsnæringar, må me ha det tradisjonelle landbruket som basisnæring. Difor er det ei viktig utfordring å halda oppe produksjonen i det vanlege landbruket.*
- *Bøndene i Kvam har vore dugande i omstilling. For å halda oppe produksjonen må det verta meir samarbeid og samdrift både i sauehald og kjøtproduksjon på storfe i tillegg til mjølkeproduksjon.*
- *Geitehaldet kan med fordel aukast med nokre bruk slik at fagmiljøet for den produksjonen vert betre. Fleire bruk vil også halda oppe mjølkeruta for geit.*
- *Kvam har framleis eit godt miljø for pelsdyr og dugande fagfolk. Det er plass for fleire oppdrettarar og saman med støtte frå Hordaland Pelsdyralslag kan ei utviding byggja vidare på det miljøet som finst.*
- *Heradet må øva press på sentrale styremakter for å halda oppe overføringane til landbruket. Det aukar verdiskapinga i heradet.*

8.2. Frukt, bær og grønsaker

Arealet som er brukt til frukt- og bærdyrking, går attende. I 1979 var det registrert 157 bruk som dreiv med frukt og bær i større eller mindre omfang. På ti år, til 1989, var talet nær halvert til 81 bruk og i 2003 har Statens Landbruksforvaltning 43 bruk med 711 dekar frukt- og bærareal i sitt register.

Berre nokre få bruk dyrkar meir grønsaker enn til «husbruk».

Dei fleste fruktdyrkarar i Kvam leverer heile eller deler av produksjonen sin til Hardanger Fjordfrukt BA på Utne. Dei som satsar på frukt- og bærdyrking, held eit høgt kvalitetsnivå. To bruk driv økologisk fruktdyrking. Kvam Fruktdyrkarlag er eit svært aktivt faglag. I høve til tingingane i WTO er eple- og pæreproduksjonen mest utsett. I Europa er det overproduksjon og utan tollvern kjem den norske marknaden til å verta overfløymd av rimeleg frukt.

For plommer, moreller og bær er situasjonen annleis. Sesongen her i landet ligg stort sett etter sesongen for tilsvarende produkt i Europa. Dei siste åra har det til og med vorte eksportert moreller til Dei britiske øyane og kontinentet.

Mykje av frukta og det aller meste av bringebær og jordbær vert omsett direkte til forbrukar ved sal frå eigen gard eller utsalsstad. På den måten kan dyrkaren ta ut ein meirverdi. Steinstø frukt- og kakebu og Gardsbutikken ved Kvam Fruktlager er døme på vellukka salsstader som har vorte etablert dei siste åra.

Hardanger Midthordland brukar 20 - 25 prosent av arbeidstida si på rettleiing og forsøk innan frukt- og hagebruk. Fruktdyrkarane i Kvam har mykje nytte av Planteforsk si avdeling i Ullensvang.

Referansegruppa:

- *Det er rom for auka produksjon av nye plommesortar, tidelege eplesortar, jordbær og bringebær, først og fremst til konsum og direkte til forbrukar. Bøndene må utnytta betre at me ligg nær Bergen.*
- *Frukt og bær er gode råvarer for småskalafordeling som saft, syltetøy, hermetisering mm.*
- *Det er rom for å dyrka eit variert utval av grønsaker med sal direkte til forbrukar eller frå lokale utsalsstader.*

8.3. Økologisk landbruk

Det er berre fire bruk i heile Kvam som driv økologisk. To driv med mjølk, to driv med frukt, ein av dei igjen foredling av eple til saft og kalkun. Heradet ligg såleis langt etter det offisielle målet om at 10 prosent av landbruket skal vera økologisk drive innan 2010.

Forsøksringen har fagfolk gir råd til dei som vil gå over til økologisk drift. Meieri og slakteri som har økologisk foredling, ligg langt unna frå Kvam. Det er likevel rom for auke i produksjon av økologisk kjøt, frukt og grønsaker.

Referansegruppa:

- *Skal det verta økologisk drift av noko omfang, bør fleire bruk leggja om samstundes. Det er viktig både for fagmiljø og marknad. Det er rom for auka produksjon av økologiske grønsaker og frukt.*

9. Skogbruk og utmarksnæring

9.1. Skogbruk

Tidlegare skogbruksjef i Kvam Erling Skiple har utarbeidd notatet Skogen i Kvam i høve arbeidet med landbruksplan for Kvam.

Skogen i Kvam representerer den sørvestlege boreo-nemorale barskogregionen. Skogen er i le i høve til den meir typiske kystskogen. Bergartar og jordsmonn gir grunnlag for sers artsrik edellauvskog, serleg i ytre delar av heradet. Som eit døme er det verdt å nemna at Kvam er den kommunen i fylket som har flest orkideartar. I følgje det nye verket, Naturhistorisk vegbok for Hordaland, er det registrert heile 17 artar.

Skogarealet

Registreringane viser at heradet har 89000 dekar drivbar produktiv skog og 53500 dekar ikkje drivbar produktiv skog, «0-område». Anna skog, for det meste fjellskog, dekkar 44900 dekar og 2750 dekar skog ligg i skogreservat. I tillegg er det ein god del skog på dei 45800 dekar som er registrert som jordbruksareal/kulturlandskap. 31000 dekar produktiv skog vert rekna som verneskog etter skoglova paragraf 32 og 33. Hogst i slike område skal godkjennast av skogoppsynet ved den som har fagkompetanse i heradet. Det meste av verneskogen ligg i 0-område, der større drifter er lite aktuelle. Verneskoggrensa er lagt inn på kartet.

I høve til registreringar i førre skogbruksplan (1989) er den drivbare produktive skogen redusert med 17000 dekar, frå 106000 dekar. Det skuldast at krava til vegkvalitet har auka. For at arealet skal vera drivbart, må det ha vegløsing.

Dei dominante treslaga er gran og furu i tillegg til lauvskog. Totalarealet av produktiv lauvskog er omlag 65000 dekar, 36000 dekar er økonomisk drivbart. Bjørk dominerer lauvskogen, nær $\frac{3}{4}$ er dette gode vyrket. Gran har ståande kubikkmasse på 270000 kubikkmeter, furu 225000 kubikkmeter og lauvskog 135000 kubikkmeter i drivbar produktiv skog. Den årlege tilveksten er høvesvis 20000 kubikkmeter for gran, 5400 for furu og 7600 kubikkmeter for lauvskogen.

Skogboniteten, det vil seia marka si evne til å produsera skog, er svært god i Kvam. Ein tommelfingerregel kan vera at 70 år gammal granskog har 70 kubikkmeter pr dekar. Halvparten av det drivbare arealet har super bonitet, det vil seia over ein kubikkmeter tilvekst pr dekar og år. Gjennomsnittstilveksten i heradet er på 0,9 kubikkmeter pr dekar og år. Det er dobbel så mykje som landsgjennomsnittet.

Kubikkmassen i granskog aukar med ein tilvekst på 7 - 8 prosent pr år. I furuskog er den årlege tilveksten mellom 2 og 3 prosent. Tilveksten fører til at kubikkmassen i granskog vil auka progressivt i åra som kjem.

Furuskogen er i hovudsak eldre skog, omlag 60 prosent er hogstmoden, hogstklasse V. Gran har jamnare fordeling, men mest i hogstklasse III og IV. Større mengder granskog vil verta hogstmoden om 15 - 20 år. Lauvskogen har jamn aldersfordeling med relativt mykje areal i hogstklasse V. Ung lauvskog er også eit tilgroingsfenomen.

Skogressursane i Kvam tilseier at det med berekraftig hogst (balansekvantum), kan hoggast minst 25000 kubikkmeter i året.

Hogststatistikken frå Skogavgiftsrekneskapen (SKAS) hos Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga viser at Kvam ligg langt under dette kvantumet. I 2000 var hogsten vel 3000 kubikkmeter, i 2002 vart det hogge nett over 2000 kubikkmeter og i 2003 var det kome opp i nesten 3000 kubikkmeter igjen. I 2004 har hogsten auka litt til. Det er relativt store kvantum som ikkje vert registrert. Erling Skiple meiner ein kan rekna at mellom 4.000 og 5.000 kubikkmeter vert teke ut på den måten. Fordelinga vert grovt rekna slik: 2000 kubikkmeter ved til eige bruk, uregistrert småsal innan bygda og til slekt og vener 1000 kubikkmeter, anna uregistrert sal til utabygds folk og hytter 1000 kubikkmeter. Tømmer til

eige bruk og småsal omlag 500 kubikkmeter. Den samla hogsten ligg truleg på vel 7000 kubikkmeter i 2003.

Skogsvegar

Vegnnettet både i skogen og ut frå skogen er viktig for rasjonell hausting av skogressursane. Vegbygging er basert på at skogeigarane organiserer veglag og skogsvegar bør planleggjast uavhengig av eigedomsgrenser.

Det vert gjeve tilskot til skogsvegar gjennom tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Via den ordninga vert det også gjeve tilskot til skogkultur (ikkje planting), miljøtiltak i skogbruket, drift med taubane og hest og andre tiltak, som auka hogst. Reglane for tilskota er no slik at ikkje kan gjevast meir i tilskot til skogsvegar enn til dei andre tiltaka til saman, fordelt over ein fire års periode.

I fylgje Erling Skiple sitt notat om skogen i Kvam er det bygt ut eit skogsvegnett som er relativt jamnt fordelt i heradet. Registrering i 1999 viser at det med offentleg tilskot er det bygt 67,2 km traktorveg og 26,7 km skogsbilveg. I tillegg er det bygt omlag 50 km veg utan tilskot til stølar ol som skogbruket har nytte av. Det vil seia omlag 144 km landbruksveg som vedkjem skogarealet.

Skogsbilvegar er framleis hovudnerven i eit tidhøveleg skogsvegnett. Diverre munnar skogsbilvegane ofte ut i vegar (private, kommunale og fylkesvegar) som har lågare standard enn skogsbilvegane. For transport av tømmer representerer dette eit problem

Skogsbilveg eller annan godkjend bilveg er leveringsplassen for skogsvyrke. Det eksistereande skogsvegnettet går godt inn i skogbruket sitt fleirbrukskonsept. I mange tilfelle har vegane stor nytteverdi som tilkomstevæg til fjellet. Vegane kan også ha nytte i andre næringar enn skogbruk: beite, hytter og ymse former for bygdeturisme, men også for ålmenne friluftsinteresser og generelt betre tilgjenge, til dømes ved brann og ulukker.

Skogsvyrke som råstoff

Fleire små og litt større sagbruk i heradet driv godt. Fem sagbruk samarbeider med salsorganisasjonen Horda-Tre. Dei lokale sagbruka har høve til å levera material og nisjeprodukt etter kvart som det vert etterspurt. Dei lokale sagbruka må ut av heradet for å få tak i nok vyrke. Sagbruket i Granvin har også kapasitet til å ta mot mykje meir tømmer frå Kvam. Det er eit av dei mest moderne sagbruka i Noreg.

Vedproduksjon har alltid vore ei viktig form for vidareforedling av lauvskogen i Kvam. Etter kvart som prisen på elektrisitet aukar, vil bioenergi i ymse former var aktuelt å sjå nærmare på.

Produksjon av pyntegrønt

Pyntegrønt og juletre er ein nisjeproduksjon som kan verta viktigare. Trea som vert brukt til føremålet, må stellast nøye. Det er krev kunnskap og tid.

Oppsummering frå seminaret:

Når det gjeld barskog, er kvaliteten på vyrket og nok hogst, uttak av balansekvantumet, ei utfordring for skogeigaren. Det same gjeld skogkulturen.

Lauvskogen har vyrke som er aktuelle for nisjematerialar.

Heradet har ein hovudplan for skogsvegar som må rullerast og fylgjast opp med nye planar for å få ut vyrket. Tilskot og andre virkemiddel for å få bygt vegar må utnyttast

Det er fleire små sagbruk og lokalt vyrke må marknadsførast betre.

Rollen til Horda- Tre og Granvin Bruk er viktig for skogbruket.

Auka bruk av ved og annan bioenergi.

Innspel frå:

Strandebarm Grendautval:

Skogen kan verta ein større ressurs enn det er i dag, til dømes gjennom bruk av bioenergi

Tørvikbygd grunneigarlag:

Mange stader er det kommunale vegar som hindrar effektiv utnytting av skogressursane. Når ein ikkje kjem fram med vogntog eller må køyra med redusert aksellast, er det svært kostnadsdrivande for næringa.

Kvam bonde- og småbrukarlag:

Skogbruk er ein viktig del av landbruket i Kvam. Gardbrukarane må få støtte og rettleiing på dette feltet og heradet må ha positiv haldning. Det er tvingande naudsynt å ha ein skogkunnig fagperson knytt til landbruksavdelinga. I tiåra framover vil det vera store ressursar som kan takast ut av skogen. Dette vil også skapa nye arbeidsplassar.

Ytre Hardanger skogeigarlag:

Skogeigarane har sjølv ansvaret for drifta av skogane sine, men det er viktig at heradet, ved skogfagleg kompetanse, er med som tilretteleggar, inspirator og pådrivar. Det vil vera leit om ein lang skogreisingsperiode som vara heile 1900-talet med serleg innsats dei siste 50 åra, skal verta avløyst av ein skograseringsperiode på 2000-talet.

Difor har skogeigarlaget streka under følgjande punkt:

- Heradet må ha skogfagleg kompetanse i minst 50 prosent stilling, gjerne med tilleggsfunksjonar knytt til utmark/viltforvalting slik at stillinga vert 100 prosent. Dette spørsmålet har skogeigarlaget i Kvam og Ytre Hardanger teke opp med heradet i april 2004. Det er også turvande med skogfagleg kompetanse for å fylgja opp heradet sine eigne service-erklæringer i høve til skogkultur og forvalting av skogressursar.
- Fjerning av «flaskehalsar» når det gjeld tømmertransport må bli ei høgt prioritert oppgåve.
- Stats- og fylkestilsot må nyttast optimalt, også i høve til vegbygging.
- Det er viktig å setja i gang hogstfremjande tiltak for å auka hogsten. Det bør kunna hoggast opp mot 20000 kubikkmeter i året.
- Plantefelt og kulturområde må fylgjast opp slik at tidlegare investert kapital frå stat, herad og skogeigar ikkje vert bortkasta.
- «Attgroings-problematikken» opptek også skogeigarane. Det er viktig at område som går ut av jordbruksproduksjon også blir sette på som potensiell skogsmark. Mange treslag, også lokale, kan vera interessante på slik mark.
- Heradet må vera pådrivar når det gjeld å nytta lokale skogressursar og gjerne stimulera til bruk av bioenergi når denne energien kan konkurrera med annan energi.

Referansegruppa:

Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping i skogbruket i Kvam. Det er trong for å laga ein skogbruksplan for Kvam som erstattar Tiltaksplan for skogbruk 1989 - 99.

- Planen må innehalda tiltak for organisera skogkultur og hogst
- Bioenergi må utgreiaast som eit eige prosjekt
- Lokal utnytting av spesialvyrke av lauv- og barskog
- Entreprenørar som tek mindre drifter
- Kartleggja og laga plan for utbetring og nye skogsvegar
- Utbetring av «flaskehalsar» for rasjonell tømmertransport også på det offentlege vegnettet

9.2. Utmarksprosjektet, grunneigarorganisering

Utmarksprosjektet i Kvam tok til i byrjinga av 2003 og har løyvingar for to år. Ove Sandven er prosjektleiar og i styringsgruppa, som representerer ulike grunneigarlag, finn me: Eivind Byrkjeland, Oddvin Aksnes, Odd Aarsand og Trond Steinstø (leiar).

Målet med prosjektet er å få ei betre organisering av grunneigarane med tanke på utnytting av utmarka til jakt, fiske og friluftsliv. Prosjektet har resultert i Kvam friluftskart med innteikna stiar, turmål med trimkassar og vurdering av fisketilhøva i alle vatn i heradet.

I Kvam er det fire grunneigarlag med vedtekter:

Øystese aust,

Øystese vest,

Vikøy, Aksnes og Vangdal

Tørvikbygd

I tillegg er det fleire lausare samarbeid mellom grunneigarar for å selja jaktkort, leiga ut småviltjakt og selja fiskekort i vatn og elvar.

Før utmarksprosjektet vert avslutta, er målet å skipa Kvam grunneigarsamskipnad som vert ope for grunneigarlag og grunneigarar. Ein slik samskipnad kan samordna jakttid for småvilt og selja fiskekort for innlandsfiske i kommunen. I utmarksprosjektet er ei slik samordning sakna.

Betre utnytting av utmarksnæringane vil føra til auka verdiskaping både i landbruket og servicenæringane i Kvam. Norges Skogeigarforbund og Reiselivsbedriftenes Landsforening har gjort ein analyse som viser at omsetninga innan jakt, innlandsfiske, laksefiske og andre naturbaserte naturopplevingar kan doblast på ti år. Omsetnaden i dag er på 4 milliardar korner.

For å forvalta og hausta av hjortestamma er heradet delt i 28 hjortevald, med fellingsløyve frå to til 33 dyr i kvart vald. I 2003 vart det gjeve 299 fellingsløyve på hjort. Det vart felt 252 dyr, ein fellingsprosent på 84. I Kvam er utmarksarealet bak kvart løyve 1000 dekar. Det kan søkjast om redusert areal ved kvar løyvetildeling. Omlag 1/4 av valda har fått arealet sett ned til 500 dekar i 2003.

Kvart vald får tildelt løyve fordelt på hann, ho og kalv. Vald som har godkjend forvaltingsplan, fire i 2003, får tildelt berre «frie» dyr og fordeler løyva etter den planen. Innan 2006 skal alle vald ha forvaltingsplan. Det vil setja andre krav til jaktrettshavarane. For å få laga tenlege forvaltingsplanar, må valda vera monaleg større enn i dag.

I dag vert nesten alle hjortane jakta av grunneigarar og andre lokale eigarar. Prisane for kvart løyve ligg på eit heller lågt nivå. Seks grunneigarar i Mundheim jaktoppleving samarbeider med Nestunet v/ Kåre Nes om å tilby hjorteløyve med overnatting, mat, guiding osb. til firma. I andre vald der sal til høgstbydande har vore diskutert, har kvar enkelt grunneigar eller fleire i lag fått høve til å gå ut med fritt sal av løyve. Dette har førebels ikkje fått noko omfang. I arbeidet med utmarksprosjektet har ein til no konkludert med at innkoma av selja fellingsløyve er lite i høve til overnatting, mat og guiding.

For å hjelpe til med å realisera målet om ei planbasert hjorteforvalting har Norges Skogeigarforbund og skogeigarlaga som dekkar Vestlandet etablert det treårige prosjektet «Målretta hjorteforvalting på Vestlandet». Lokalt vert det fyrst og fremst arbeidd med å organisera vald og etablera tilhøyrande utmarkslag, nett slik som det vert gjort i Kvam.

Målet for skogeigarsamyrket er at innan utgangen av 2006 skal 50 prosent av tildelte fellingsløyve for hjort gå til utmarkslag eller vald som forvaltar hjorten etter godkjen forvaltingsplan.

Innspel frå

Mundheim hjortevald:

Mundheim hjortevald ligg i eit viktig overvintringsområde for hjort. Det er grunn til å tru at området strekkjer seg frå Mundheim til inn i nabovaldet Dysvik. Særsviktig er lågtliggjande, milde område.

Hjorteforvalting er mykje meir enn jakt. Difor er det viktig å sjå på areal- og områdebruken til hjorten gjennom heile året. Dette med omsyn til biologiske og produksjonsmessige forhold, lokalt og regionalt. Ein reknar med at dette er omsyn som vert vektlagt og innarbeidd i kommunedelplanen for landbruk og i arealdelen i kommuneplanen.

Me er også kjent med at heradet har starta arbeidet med «strategiplan for forvalting av hjortestamma». Ein reknar med at betre valdorganisering og skiping av eit hjorteutval vert tiltak som ein her kjem fram til.

Bakka-Børsheim-Tangerås hjortevald:

I jakttida er det vanleg å驱ra hjortejakt på innmarksteigar. Når folk ikkje held bøgardane sine i orden, kan husdyr koma seg inn på innmarka. Husdyra kan så vandra vidare til innmarksteigar der ein jeger har planlagt å jakta hjort. Men når der går eller nyleg har gått husdyr, kjem det ikkje noko hjort der. Gjerdeplikta må vera ein del av landbruksplanen for Kvam.

Kvam bonde- og småbrukarlag:

Det er viktig å forvalta utmarksressursane rett. Det bør kanskje verta meir kultivering av fiskevatn. Hyttefelt bør plasserast slik at dei er til minst mogeleg blempe for beitande dyr og lokalbefolkinga. Dei bør også leggjast slik at dei fell mest mogeleg inn i naturmiljøet.

Kvamskogen næringslag:

Arbeida for samla fellestiltak i området. Preparerte og merka løyper vinter og sommar. Forbetra sommarmerkinga. Næringslaget tek ansvar for det.

Tørvikbygd grunneigarlag:

Det er utarbeidd ein eigen tiltaksplan for fjellmarka til gnr 1 bnr 83-94 i Tørvikbygd. Planen vart utarbeidd i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, ferdig i 2003. Grunneigarlaget vil ha tiltaket inn i ein samla plan for heradet.

Ungdomsrådet:

Det er mange stiar, mykje er bortgøymt og det får lita merksem. Det må lagast kart over store og små stiar, ansvar td. Kvam Turlag. Kommentar: Som nemnt ovafor ein viktig del av Utmarksprosjektet er det laga «Friluftskart for Kvam», ferdig våren 2004.

Bondelaga i Kvam:

Det må arbeidast vidare med å organisera alle grunneigarar i Kvam i grunneigarlag. Ein grunneigarsamskipnad for heile Kvam er og ynskjeleg, men ein bør vera varsam og ikkje går for fort fram. Det nye kartet er bra, men for mange er det upraktisk som turkart, sidan det går rett over i umarkert kvitt utom grensa.

Referansegruppa:

- *Betre utnytting av utmarksnæringa vil føra til auka verdiskaping i landbruket og servicenæringane. Utmarksopplevelingane må vera med i tiltaket «Nettverk for småskalaproduksjon».*
- *Grunneigarlaga og enkeltgrunneigarar utanom laga sine område må skipa grunneigarsamskipnad for å samordna sal av fiskekort og informasjon om reglar og sal av småvilkort. Sal av kort i seg sjølv gjer at eit område vert oppfatta som meir attraktivt og er ein viktig del av det totale tilbodet innan utmarksnæring. I tillegg kan det gjera Kvam til ein meir attraktiv stad å bu og feriera.*
- *Frå utmarksprosjektet vert det peika på at hjortevalda må verta størrer for å få ei betre forvalting og høgare verdiskaping dersom grunneigarane vil «selja» fellingsløyve og opplevelingar som høyrer med. Truleg kan omlag seks vald vera høveleg. Dei valda bør ha*

eigen godkjend forvaltingsplan. Då får jaktrettshavarane endå meir å seia i forvaltinga. Valda kan ha reglar og delast i jaktfelt som gjer at jegerane jaktar på same område som før.

10. Kulturlandskapet

«*Med husdyr skal landet ryddes*» er sitat frå leiar i Bergens Tidende 9 august 2004. Avisa skriv vidare: «*Debatten om norsk landbruk bør heretter dreie seg mer om kulturlandskapet, og mindre om prisen på melk og kjøtt. Hva skal vi si er en passelig pris for å opprettholde det norske landskapet slik vi kjenner det ?*»

Kulturlandskapet er avleidd av det latinske ordet cultivare, dyrking, opphavleg dyrking av jord. Den vidaste definisjonen av kulturlandskap er «det landskap som er påverka av menneske på ein eller annan måte».

I fylgje forskar Ann Norderhaug i Planteforsk er det norske kulturlandskapet eit produkt av ei utvikling som starta for mange tusen år sida. Landskapet er dynamisk og har difor endra seg på mange ulike måtar fram gjennom hundreåra på grunn av endringar i naturtilhøve, folke- og samfunnsutvikling, økonomi, driftstilhøve og landbrukspolitikk.

I landbruket er no kulturlandskap eit innarbeidd omgrep. Definisjonen kan vera eit «landskap skapt av jordbruket gjennom tusenvis av år». I plansamanheng omfattar kulturlandskapet gjerne det gamle jordbrukslandskapet der omfattande husdyrbeite og andre tradisjonelle driftsmåtar skapte eit landskap som slapp inn lys og skapte stor variasjon med plass for mange artar. Arealet som vert brukt til beite og slått, har skifta med tidene. Men undersøkingar her i landet viser at nokre område har vore kontinuerleg utnytta sidan bronsealderen for nær 3000 år sidan.

Dei siste 50 åra har både intensivering av drifta og nedlegging i landbruket ført til at stadig meir av denne kulturmarka vert borte.

Langs fjorden i Kvam har me eit svært variert kulturlandskap. I 1999 fekk grendene Fykse og Bjørke fylket sin kulturlandskapspris. Kriteriet for tildeling av prisen det året var skjøtseltiltak i landbruket. Gjennom godt planlagt og langsiktig ryddings- og skjøtselsarbeid har dei to grendene fått attende mykje av det opne og varierte landskapet. I 2002 fekk Nestunet ved Mundheim same prisen for eit heilskapleg kulturmiljø og kulturlandskap. Begge desse stadene er også pionerar innan utvikling av gardsturisme og anna tilleggsnærings Kulturlandskapsprisen har vore delt ut sidan 1996. Kvam er einaste kommunen som har fått denne prisen to gonger.

Hordaland er peika ut som pilotfylke for å utvikla eit regionalt miljøprogram for landbruket. Det vert gjeve tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Det mest aktuelle hos oss er:

- planlegging og tilrettelegging av områdetiltak med breidt lokalt engasjement
- kulturlandskapstiltak, til dømes ta vare på gammal kulturmark, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, tilgjenge og opplevingar.

Det kan verta gjeve inntil 70 prosent tilskot, men i praksis ligg det på vel 30 prosent. I Kvam vart det tildelt 625.000 kroner i 2004. Kvam fekk mest midlar i Hordaland på bakgrunn av historiske løyingar dei siste tre åra.

Oppsummering frå seminaret:

Me ser for oss eit ope og tilgjengeleg landskap som er i bruk. For oss som opplever dette landskapet vert det lagt vekt på estetikk, biologisk mangfald, rekreasjon i tillegg til landbruksproduksjon.

Landskapet må registrerast og kartleggjast. Me må ta vare på grøne område i sentrale strøk og i nye utbyggingsområde både nede i bygda og i samband med hyttebygging.

Organisera beitebruk og ta vare på bygningar og landskapet på stølane, jamfør eigne punkt i kommuneplanen..

I grendene må også nye bygningar både i og utanfor tun tilpassast kulturlandskapet.

For å gjera bønder og oss andre som bur medvitne om verdiane, må det skipast til kurs.

Innspel frå:

Øystese saualslag og Vikøy saualslag:

Saualslaga ser på attgroing som ein av dei største miljøutfordringane i landbruket. Det er viktig at miljøtiltaksmidlane vert nytta til å hindra attgroing, stimulera til slått av brattlendt jord og å leggja til rette for beitebruk. Ein ynskjer at desse midlane skal nyttast til dei som er aktive gardbrukarar.

Tørvikbygd grunneigarlag:

Gjengroing av landskapet er eit stort problem i utmarka. Dette hindrar den frie bruken og mogelegheita for å utnytta utmarksressursane. Difor er det viktig med ordningar som stimulerer til auka bruk av utmarka. Viktige ordningar kan vera: tilskot for vedlikehald av utmarksgjerde og organisert beitebruk.

Norheimsund grendeutval:

Tolomarka er eit svært mykje nytta område for turgåurar, barnehagar med fleire. Her er store nærrast urørte område med tre og planter, stiar og traktorvegar. Her ligg skytebane og golfbane. Området kan nyttast av alle generasjonar og nærrast uansett kva form ein er i. Heradet må planleggja vidare bruk og utbygging slik at det i framtida kan trygt nyttast som tur og rekreasjonsområde.

Innstranda grenadutval:

I forhold til turistnæringa er det viktig å oppretthalda kulturlandskapet og hindra attgroing av landskapet.

Bondelaga i Kvam:

Beitebruk: Det bør snarast utarbeidast beitebruksplanar for Kvam med grunnlag i naturlege delelinjer. Mange kjenner knapt sine eigne rettar og plikter medan gjerdeplikt og pliktig vedlikehald av vegar, bruer etc. vert sterkt forsømt. I mange høve kan gamle gjerdeplikter verka sterkt urimelege, men dei er likevel tinglyste og rettsgyldige.

Kulturlandskapet kan mange stader vera umogeleg å ta vare på utan beitedyr. Beitedyra krev gjerde som kan halda dei på plass. Gode avtalar og planar som alle kan leva med, er samfunnsgagnlege. Slik det er i dag fører manglande gjerdehald til mange konfliktar og mykje ekstra arbeid. Fleire bruk har mellom anna sluttat å sleppa dyr på utmarksbeite avdi nabobruk eller bruk på heilt andre kantar av bygda ikkje har bøgarde. Der nye vegar eller bruer øydelegg gamle sjølvgjerde, må tiltak som ferist eller grind inn som ein del av prosjektet.

Stølar og stølsvegar: Det er att lite stølsdrift i Kvam og mange stølar er i dårlig stand eller det er kome motsetnad mellom dei gamle stølane og moderne hyttebygging. Ei oversikt over tilstanden, samt ei oppmoding til vedlikehald av både stølshus og stølsvegar, er kanskje til hjelp. I nokre år kan ein med fordel gje noko av kulturlandskapsmidlane til slike tiltak.

Tilrettelegging for beiting av stølsmarka kan halda oppe miljøet og hindra attgroing.

Planlegging av framtidige hyttefelt bør sjåast i større samanheng enn einskildeigedomar.

Referansegruppa:

Både einskild bruk og bønder som samarbeider, aller helst over større område, må oppmodast til å utnytta innmark og utmarka med slått, beiting og hogst slik at kulturlandskapet vert teke vare på:

- *Det må setjast i gang eit eige prosjekt der landskapet og samanhengen mellom landskap, drift, dyr, folk, hus, vegar og andre tekniske inngrep vert sett i samanheng. Beite- og gjerdeplanar vert ein viktig del av slike tiltak.*
- *Eit vakkert kulturlandskap har ein stor verdi og er helsesamt i seg sjølv*
- *Bonden sin rolle er både forvaltar av naturressursar, næringsutøvar og grunneigar.*

11. Tilleggsnæringer

Her kan me samla opp mangfaldet av tilboda knytt til landbruk. Døme er utelege av hytter, hus, gardsturisme, matforedling, servering, aktivitetsbedrifter, til dømes riding, golf, guida turar, anna kulturbasert næring, grøn omsorg, utmarksnæringer m.m.

Landbruket i Kvam har vore prega av mangesysleri og tilleggsnæringer som har veksla med marknad og konjunkturar. Det er nok å minna om nokre få døme frå berre dei siste hundre åra: Hesteskyss av turistar frå «dei flytande hotella», produksjon av hatleband til tunnefabrikkar, byfolk som leigde seg inn på gardsbruk, trebåtbygging i Strandebarm osb.

Mange bønder i Kvam er kreative i produksjonen av tilleggsnæringer. I fylgje Jordbruksteljinga 1999 har nær halvdelen av gardsbruka i Kvam inntekt frå tilleggsnæringer. Til samanlikning er tilsvarande tal for Voss og Kvinnherad under 30 prosent. Utfordringane er marknadsføring og sal av tilbod som må halda høg kvalitet, for å få ut den prisen som kan gjera det til tilleggsnæring over tid.

Kvam er den kommunen som har flest hytter i Hordaland. I kommuneplanen vert det lagt til rette for stor auke i hyttebygginga. Det fører til verdiskaping. Hytte-«kvemmingane» er ei viktig kundegruppe for bøndene sine næringar.

Grunneigarar samarbeider om planar for små kraftverk fleire stader i heradet. Med aukande energiprisar kan slik produksjon gje inntekter, både når energien vert selt på den opne marknaden og serleg dersom energien kan brukast i eiga drift.

Det landbruksrelaterte reiselivet i Kvam er dominert av utelegehütter i all hovudsak formidla gjennom utanlandske firma. Rundt 160 hytter med i alt omlag 1000 gjestesenger finn ein innafor denne kategorien. Dette kan nok vidareutviklast noko i volum, men langt viktigare er å heva standard og identitet knytt til byggestil, vertskapsrolle og service.

Saman med tilbod innan tradisjonsmat og unike kultur- og naturopplevelingar, er det sterkt ynskjeleg å utvikla eit **lokalt utviklingskonsept** knytt til landbruksrelatert reisliv i Kvam. Me viser til gode resultat med dette andre stader i landet, til dømes Den Gyldne Omvei på Inderøy i Nord-Trøndelag.

Noko av utfordringa i dette mangesysleriet vert godt skildra av journalist Eva Røyrane i reportasjen «Dagstur til spiskammerset» i BT-magasinet 23 oktober 2004: «Det er fullt mogleg å overleva vinteren på billegmat frå nærmeste daglegvarebutikk. Men det finst alternativ. Vi har drive oppsökjande matauk hos bønder i Kvam.» Mataukken vert oppsummert slik: **«Pluss:** Som omreisande gardskunde samlar du mat med smak av regionen, men også opplevelingar undervegs. Fin tur gjennom haustfargane på Kvamskogen. Møte med bønder som meir enn gjerne fortel om arbeidet sitt, om korleis dei lagar maten. Møte med dyr og fuglar på gardane. Bøndene er nesten alltid heime, men det svarar seg å ta ein telefon for å vera sikker. **Minus:** Ikkje alle gardsprodusentane har skilt ved hovudvegen. Ein felles brosjyre over produsentar i kvart disktrikt hadde også gjort det lettare for omreisande kundar. Gardsmat er ikkje billigmat. Kundane må vera villige til å betala for kvaliteten».

Kommunane skal spela ein viktigare rolle i å stø opp under arbeidet med å etablera ny næringsverksemd. Landbruks- og matdepartementet står bak eit toårig prosjekt, «Kommunane som førsteline for småskala næringsutvikling». Kvam og Voss er plukka ut som to av 18 lokale pilotprosjekt, som er fordelt på 15 fylke.

Oppsummering frå seminaret:

Utleige er bra i dag, samanlikna med mange andre stader. Vidare utvikling med høgare standard.

Serveringsverksemder både i og utafor landbruket må samarbeida betre, til dømes om innkjøp, informasjon og opningstider.

Aktivitetsverksemder. Golf og riding er postivt, omfanget kjem til auka. Utfordring å organisera guida turar

Matforedling, småskala: For lite ope på kveldstid. Tener for lite på det

Kulturbaserte opplevingsbedrifter er flotte tiltak. Personavhengig, oftast basert på enkeltpersonar.

Grøn omsorg vert viktig i framtida.

Generelt: For därleg vegstandard. Vanskeleg med skilting. Vonleg vert det betre, jfr. landbruksministeren og samferdsleministeren si vitjing på Åse i Tørvikbygd i sommar. Korte opningstider og for lite informasjon om opningstidene,

Innspel frå:

Ungdomsrådet:

Det er godt med utleigehytter langs fjorden, därlegare på Kvamskogen. Der har Kvamskogen næringslag ansvar.

Bra tilbod innan serveringsbedrifter, men det må koma tilbod som er opne om kvelden. Det er næringslaga sitt ansvar.

Innan aktivitetsbedrifter er det betre tilbod enn folk trur, eller veit om. Marknadsførингa må betrast. Det kan vera kulturkontoret sitt ansvar.

Øystese næringslag:

Det er potensiale for nyskaping innan ei etablert næring der noverande og nye produkt knytt til regionen, kan marknadsførast.

Ta i bruk/visa fram og utvikla nye naturopplevingar som i dag ikkje er godt nok tilgjengelege. Døme: Ørredalsfossen nedafor Fitjadalsvatnet og utsiktspunktet ved Høgebekken

Lars Tyssebotn.

Småskala matproduksjon er ei lita grein under utvikling i Kvam. Då brukar er små høver det godt som supplering og i kombinasjon med anna gardsdrift som skogbruk, husdyrhald, pleie av kulturlandskap eller reiseliv.

Småskala matproduksjon og lokale varer, «kortreist mat», er i fokus og vert meir og meir etterspurt. Røynsla til dei som alt er i gang, er at lokalbefolkinga set stor pris på slike tilbod. Ikkje minst dei mange hytte og campingbuarane kjenner at dei høyrer meir til i distriktet når dei kan vitja «bondegrannen sin, slå av ein prat om ver og vind, sjå fine, trivelege dyr i eit variert kulturlandskap og så kjøpa ein kasse frukt eller ein geitost til å kosa seg med. Dette skapar trivsel. Slik kan ein utvikla eit lite gardsbruk til både ein eller fleire arbeidsplassar.

Øystese arbeidarlag:

Etablara gardsbutikk, sentralt plassert i Steinsdalen, retta mot kundar frå Kvamskogen og Bergen. Samstundes leggja til rettes for gardsoppleving retta mot born og unge.

Kvamskogen næringslag:

Felles marknadsføring av tilleggsnæringer, til dømes over internett.

Strandebarm grenadutval:

Finna nye nisjeprodukt som vert produsert lokalt, foredling av mat lokalt og i samarbeid med lokale serveringssteder.

Landbruket som ressurs i reiselivet, til dømes: Korleis ta vare på lokal tradisjon og eigenart ved hyttebygging.

Kvam bonde- og småbrukarlag:

Kvam herad bør satsa på å få eit kompetansesenter for Grøn omsorg. Heradet har dyktige og kompetente personar på det feltet

Norheimsund grendeutval:

Viser til kommuneplanen og at «Kvam skal vera ein attraktiv kommune å bu og leva i». Her vil lærlingepllassar vera med på å skapa mangfold i vidareutdanning.

Ståle Brenne og Margunn Ringøy Brenne:

Må ha inntekt i tillegg til mjølke- og kjøtproduksjon. Vil søkja om å omdisponera eit beite ved fjorden til å byggja to utleigehytter og campingplass.

Åse Bø Haukås og Lars Haukås:

Har drive med høyproduksjon. Vil no ha oppstillingsområde for campingvogner og har vore i kontakt med Norsk Caravan Club avd. Bergen. Saman med planar om hytteområde er dette eit innspel som går minst like mykje til arealdelen i kommuneplanen og vert handsama der.

Referansegruppa:

Kvam er langt framme, truleg leiande i Hordaland, innan tilleggsnæringer i landbruket. Me har eit godt utgangspunkt for å verta endå betre.

- *Tilleggsnæring eller småskalaproduksjon er pr definisjon små og veks ut frå interesse og særleg dugleik i det fagområdet som kan verta tilleggsnæring*
- *Det må arbeidast vidare med prosjekt innan tilleggsnæring. Skipa eitt eller fleire nettverk der felles marknadsføring av tilboda som finst, vert prioritert*
- *Heradet må utnytta at dei er pilotområde i næringsutvikling: Ny giv i kommunane*
- *Når gardane får gjester, vert tunet viktig. Kva krav stiller gjester/kundar ?*
- *All matproduksjon, også mjølkeproduksjon, fører til krav om godkjent vatn.*

12. Veksthus

I Kvam er det 75 årsverk og vel 50 mill kroner omsetnad direkte i veksthusnæringa. Nær 45 dekar er under glas. Næringa er for det aller meste spesialisert blomsterdyrkning. Det er godt samarbeid med liknande verksemder elles i landet. Kvam er det heradet i Hordaland som har størst veksthusnæring i høve til resten av landbruksnæringa.

Oppsummering frå seminaret:

Kvam har ei veksthusnæring med lange tradisjonar og eit høgt fagleg nivå. Næringa har heilt andre rammevilkår enn resten av landbruket. Det er ein intensiv spesialproduksjon som er heilt avhengig av eit tollvern, jfr. WTO-forhandlingane. :

Avgjerande rammevilkår: Straumprisar, arbeidskraft og samarbeid, lokalt, men like mykje med kollegaer andre stader i landet.

Innspel frå:

Ungdomsrådet i Kvam:

Det må arbeidast for å få lærlingeplassar i næringa. Det kan gjerast i samarbeid med ein garnarskule og Ytre Hardanger Opplæringsenter (YHO)

Referansegruppa:

Heradet kan gjera lite med vilkåra for veksthusnæringa, Me gjer framlegg om at veksthusnæringa i heradet saman med faglag på fylkes- og landsnivå, tek initiativ til å sjå på vilkåra for veksthusnæringa i landet. Kvam kan gjerne brukast som døme i ei slik utgreiing.

I stikkord:

- *Arbeidsgjevaravgift, halda veksthus innan landbruksbegrepet*
- *Galopperande kostnadsauke, td forsikring, brannvern osb*
- *Energiprisar, veksthusa er avhengig av straum, det meste av energien vert brukt til lys*
- *Faglært arbeidskraft, rekruttering og arbeidskraftkostnad*
- *Transport*
- *I høve til internasjonal konkurranse*

13. Status som bonde, generasjonsskifte

I heradet er det etter Jordbrukssteljinga i 1999 118 menn og 89 kvinner som ikkje har arbeidstimar utanom bruket. Heile 138 menn og 68 kvinner har meir enn 1500 arbeidstimar utanom bruket. I den registreringa er samla tal på mannlege brukarar 320, talet på kvinnelege brukarar er 257. Det var registrert 332 driftseiningar med meir enn 5 dekar jordbruksareal i drift.

Talet på aktive bønder går stadig nedover. Frå 1989 til 2003 har driftseiningar med mjølkekyr gått ned frå 143 til 83, med sau frå 192 til 115.

I landbruket er inntekt, sosiale ordningar og fritid ikkje på lik linje med dei som går i lønsarbeid. Det viser seg også at det har vore lett å få seg anna og betre betalt arbeid.

Å vera bonde gjev likevel stor fridom i bruk av tida. Det krev fagleg dugleik på mange felt der kvar enkelt si grynderevne kan nyttast. Difor er det viktig at bruka vert overtekne av folk som er interessert i å driva landbruk. Landbruket treng også langsiktige og klare rammeverk av folk med tanke på drift og investeringar.

Oppsummering frå seminaret:

- Statusen på yrket må hevast.
- Spørsmål om fagbrev i landbruket

Innspel frå:

Kvam bonde- og småbrukarlag:

Det er viktig å overhalda bu- og driveplikta. Odelslova bør gjelda, ikkje minst med tanke på å få jenter inn i landbruket.

Det er også viktig å ha eit register over gardsbruk som ikkje er i drift og leggja dei ut for sal til personar som ynskjer kjøpa gardsbruk for å driva, ikkje at det skal vera fritidseigedomar for feriefolk.

Heradet må arbeida for eit godt og levedyktig landbruk. Ikkje minst med tanke på dei unge som skal overta, gje dei lyst til å overta. I den samanheng er det viktig å skapa andre gode og trygge arbeidsplassar.

Norheimsund grendeutval:

Det verkar som heradet har ein jobb å gjera med å marknadsføra seg i lokalmiljøet og vera villig til å støtta lokalbefolkinga når det gjeld grynderverksemder.

Verksemder, lag og andre tiltak kjem godt til syne mellom anna gjennom Hardingtonar, båtfestival og marknadsdagar. Kan noko av dette vinklast meir mot ungdomar og gjera meir synleg dei unge sine tiltak, jfr. Ungdomens kulturmønstring.

Ungdomsrådet:

Generasjonsskifte på gardane er ei stor utfordring. Det er dalande interesse for landbruket. Skuleverket har eit stort ansvar for å auka interessa hjå dei som skal ut i arbeidslivet.

Strandebarm Grendautval:

Å finna gode måtar å organisera seg på, til dømes driftsmåtar som gir arbeidstid og fritid som er ok å leva med

Innstranda rendautval:

Kvam herad kan ha tettare samarbeid med bondeorganisasjonane. Heradet kunne også vitja bedrifter for å høyra kva dei treng av hjelp og kva utfordringar dei har.

Bondelaga i Kvam:

Det er etter kvart svært mange eigedomar utan aktiv drift, medan dei aktive bøndene slår gras og dels hjelper med hogst på ei rekkje andre eigedomar. Denne utviklinga bør vera mest mogeleg styrt av normerte avtalar utan at det vert mykje eller vanskeleg byråkrati.

Ein database for til dømes ledig jord, trong for spreieareal for husdyrgjødsel, beite eller tilbod om hjelp til hogst av ved og tømmer kan utviklast som ein del av heradet sine nettsider. Eit oversyn over tomme hus og gardsbruk utan fast busetnad kan føra til at fleire bruk vert tekne i bruk.

Referansegruppa:

Bøndene sjølv og faglaga har eit spesielt ansvar for å få heva statusen til bondeyrket:

- *samarbeid med barnehagar og skular*
- *utdanning, fagbrev og lærlingeordning,*
- *faglege møtestadar*
- *Tiltak for nye bønder*
- *Tiltak for at interesserte jordsøkjarar kan få leiga eller kjøpa bruk*

14. Kommuneplan for Kvam 2002 - 2014

Kommuneplanen for Kvam herad 2002 - 2014, Mål og strategiar, vart vedteken i heradsstyret 17. juni 2003 i sak 75/03. Den juridisk bindande arealdelen av kommuneplanen er i sluttfasen av politisk handsaming hausten 2004.

Den delen vert også avgjerande for landbruket, serleg i sentrumsnære område der det vert omdisponert mest landbruksmark.

Kvam herad har ein visjon om å verta den beste nærings- og bukommunen i Hordaland. Hovudmålet er at «Kvam skal ha ein vekst i folketallet til 10.000 innbyggjarar om 10 år. Grunnlaget for veksten skal vera næring, busetnad, kultur og offentlege tenester. Det skal rettast spesielt fokus mot:

- oppvekstvilkår for barn og unge
- bustadbygging og bustadfelt med gode kvalitetar

- Næringslivet sine vilkår for utvikling og samarbeid

I kommuneplanen er det lista opp ti hovudtema som i større og mindre grad har innverknad på landbruket:

- Kvam som attraktiv kommune å bu og leva i
- Kvam som næringskommune
- Kvam som kulturkommune
- Kvam herad som ein tenesteytande og serviceretta kommune
- Kvam midt i Hordaland
- Kvam som IKT-kommune
- Kvam som fritidskommune: friluftsliv, hytter og fritidstilbod
- Kvam som berekraftig kommune

14.1. Kvam som næringskommune

På slutten av 1990-talet har den relative andelen sysselsette innan offentleg tenesteyting hatt størst vekst. Nedgangen har vore størst i primær- og sekundærnæringane.

Kommuneplanen pkt 16.1. Strategiar for utvikling av reiselivet:

- Styrking av eit sentralt reiselivskontor
- Leggja til rette for at fleire turistar stoppar og vert verande i lengre periodar i kommunen
- Marknadsføra Kvam som ein reiselivskommune

Kommuneplanen pkt 16.2 Strategiar for utvikling av landbruket

- Leggja til rette for å utvikla landbruket slik at arbeidsplassane knytt til gardane vert trygga
- Leggja til rette for vidare utnytting av beite- og utmarksressursane i Kvam
- Utarbeida ein landbruksplan for Kvam i planperioden

15. Landbruksplan for Hordaland 2004 - 2007

Overordna mål i landbruksplanen for Hordaland 2004 - 2007 er : «Vi vil arbeida for eit livskraftig landbruk og levande bygder i heile fylket». Planen er basert på medverknad og innspeil frå fire samlingar i ulike deler av fylket og utarbeidd av Hordaland Bonde- og småbrukarlag, Hordaland Bondelag, Avdeling for strategi og utvikling i Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge - Hordaland. Planen har bakgrunn i at regional landbrukspolitikk vart teke inn som eit eige programområde i det Regionale utviklingsprogrammet (RUP 2003).

Etter Stortinget si handsaming av «Stortingsmelding nr. 19 (2001 - 2002) Nye oppgåver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå», har kommunane fått større ansvar for gjennomføringa av landbrukspolitikken gjennom arealforvalting, konsesjons- og delingssaker, miljø- og kulturlandskapsmidlar og midlar til skogbruk. Frå 2005 vert det oppretta eit regionalt miljøprogram der ein del av verkemidlane til landbruksnæringa vil verta tildelt etter regionale utfordringar og prioriteringar.

I landbruksplan for Hordaland vert det peika på at planen kan vera ein nyttig reiskap i kommunane sitt arbeid med eigne landbruksplanar og at dei regionale strategiane kan realiserast gjennom gode tiltak og prosjekt frå kommunane.

For å nå målet om eit livskraftig landbruk og levande bygder i heile fylket, peikar planen på fire strategiar:

1. Arbeida for å auka verdiskapinga i landbruket i Hordaland
2. Gje jord- og skogbruksarealet i fylket eit sterkare vern, og styrka produksjonen av miljø- og kulturgode
3. Arbeida for å vitalisera busetjinga på bygdene i fylket
4. Arbeida for å endra dei sentrale rammevilkåra til betre å løysa lokale utfordringar her i fylket

16. Internasjonale og nasjonale rammevilkår

16.1. WTO-avtalen og landbruket i Kvam

Marknaden for landbruksvarer har vorte meir og meir verdsomfattande og vert regulert gjennom avtalar i WTO (Verdas Handelsorganisasjon).

31. juli i år vart dei 147 medlemslanda i WTO samde om ein rammeavtale, «Draft General Council Decision of 31 July 2004». I avtalen ligg ein plan for vidare forhandlingar som skal verta avslutta med ministerkonferansen i Hong Kong i desember 2005.

Kva som vert den direkte verknaden på landbruket i Kvam og for så vidt Noreg, er usikkert. På heimesida til Landbruksdepartementet 1. august 2004 seier landbruksminister Lars Sponheim at «landbruksteksten vil gi et tilfredsstillende utgangspunkt for de videre forhandlingar om intern støtte, eksportstøtte og markedstilgang».

For norsk landbruk ser teksten ut til å vera best når det gjeld intern støtte. Det kan sjå ut som om det er mogeleg å vidareføra areal- og dyrestøtta vår, men ikkje i same omfang som før. Det er ikkje avgrensingar i støtteordningar som ikkje påverkar handelen, såkalla grøne støtteordningar, mellom anna miljøstøtte. Eksportstøtta skal avviklast innan ei viss tid som det skal tingast om.

Marknadstilgangen er det vanskelegaste temaet sett med norske øye. Her er det ikkje fullt gjennomslag for den norske motstanden mot å etablira ei øvre grense for tollsatsar. Generelt vil det verta størst reduksjon i dei høgaste satsane.

Internstøtte

I fylgje Norges Bondelag er avtalen som tingingane tek til med, Doha-erklæringa, i kraftig ubalanse. Land med høgt kostnadsnivå og miljøvennlig småkalalandbruk må ta dei største reduksjonane, sjølv om desse landa, til dømes Noreg, har liten verknad på verdshandelen. Høge tollsatsar og mykje internstøtte viser at landbruket her i landet vert drive under krevjande naturtilhøve og i eit land med generelt høgt kostnadsnivå.

Doha-erklæringa føreset lågare handelsvridande internstøtte. Norges Bondelag meiner at verknaden kan vera:

- Å harmonisera støttenivået mellom i-land. Dei med høgast støtte skal redusera mest.
- Totalstøtta skal ned 20 prosent fyrste året.
- «Blå støtte», det vil seiare areal- og dyrestøtte samt drifts- og distriktstilskot skal reduserast til 5 prosent av produksjonsverdien til det enkelte landet. Noreg har uvanleg mykje av den handelsvridande støtta i blå boks, og det vert sagt at desse landa skal få ei fleksibel handsaming.

Eksportstøtte

Alle former for eksportstøtte skal bort. Den norske landbrukseksperten utgjer omlag 10 prosent av mjølkeproduksjonen.

Marknadstilgang

Rammeavtala som det skal forhandlast ut frå, legg opp til eit svekka importvern, mellom anna:

- skal det verta monaleg auke i marknadstilgangen for alle produkt
- auka importkvotar
- sterke kutt for land med høge tollsatsar
- rollen til eit tolltak som skal forhandlast vidare om
- kva varer skal definerast som sensitive produkt

Bondelaget viser til at framlegget om tolltak og dei generelle kutta i tollsatsane med mest kutt i dei høgste satsane vil råka høgkostland som Noreg mest.

Dei sensitive produkta er dei viktigaste produkta for eit medlemsland. Det er ikkje avklara kor mange produkt eit land kan definera som sensitive. Noreg vil truleg ha trong for fleire produkt i den gruppa enn andre land dersom me framleis skal kunna produsera basismatvarer for folket her i landet. For alle varer som vert definert som sensitive, skal tollsatsane setjast ned og/eller importkvotane vert auka. I dag er minsteimportkvotane 5 prosent av forbruket. All auke i importkvotane vil medføra tilsvarende reduksjon i norsk produksjon.

16.2. Nasjonale tilhøve

Landa i Norden samarbeider i Nordisk råd og Nordisk ministerråd. 13. august 2004 vedtok ministerrådet Akureyri-deklarasjonen om jordbruksministeriet si framtidige rolle og kulturlandskapet som ressurs.

Eit av måla med det nordiske jordbrukslandskapet og bruken av det skal vera å sikra landskapsverdiane med variasjonsrikdomen av natur- og kulturverdi. Dette skal vera ein heilskap og gjerast i eit langsigktig og berekraftig perspektiv. Jordbrukslandskapet skal fremjast som ein ressurs, også for rekreasjon og oppleveling for heile samfunnet og for identitet og utvikling i Norden.

På den nasjonale konferansen om kulturlandskap og arealbruk i Stavanger 20. - 21. september i år la landbruksministeren vekt på at kulturlandskap skal vera eit eige politikkområde. I tillegg vart det peika på ansvaret for å ta vare på dyrka jord. Målet til landbruksdepartementet er å halvera nedbygginga av dyrka jord innan 2010.

Det er framleis eit nasjonalt handlingsrom innan landbrukspolitikken sjølv om færre er direkte knytt til denne næringa. Landbruksbefolkinga er knapt 4 prosent av folketalet i landet og påverknaden som politisk maktfaktor i styre og stell er mindre enn før. I tillegg er mesteparten av folket konsentrert til byar og tettstadar. Det skapar aukande avstand til landbruks- og distriktpolitiske problemstillingar.

Når dei overordna rammene for landbrukspolitikken er lagt, dreiar resten seg om å fordela kaka ut over heile landet. I fylgje landbruksdirektør Ole Bakkebø er det ein beinhard kamp mellom landsdelar og grupperingar, struktur og soner, store og små bruk, om forsøksordningar og investeringar.

På denne bakgrunnen kan det vera grunnlag for å meisla ut ein regional landbrukspolitikk med utgangspunkt i vår eigedoms- og eigarstruktur, våre ressursar, våre marknadar, vår intellektuelle og sosiale kapital og våre tradisjonar. I denne prosessen må me vurdera potensialet og finna ut kva me vil prioritera i ein strategisk landbruksplan.

Landbruket er ei politisk næring framfor nokon og er difor utsett for politiske konjunktursvingingar. Landbruksdirektøren i Hordaland trekkjer likevel nokre slutningar for framtida, basert på retning og innhald dei siste 15 åra. Punktvise set Bakkebø det opp slik:

- Gamle dagar kjem ikkje attende.
- Me får færre bønder og større bruk.
- Me går mot ei liberalisering innan landbrukssektor og verdshandel.
- Bonden sin rolle som sjølvstendig næringsutøvar vert forsterka. Meir pengar må hentast i marknaden.
- Omstilling, kostnadsreduksjon og effektivisering er kodeorda i landbruksmeldingane.
- Grensevernet er i utsett posisjon og prisane på ei rekke matvarer vert utsett for konkurranse. Offentleg tilskot vert neppe auka over statsbudsjettet, men vert gjerne omfordelt.
- Strukturendring i tilskota, med sikte på å stimulera større bruk.
- Overgang til meir produksjonsnøytrale tilskotsordningar.
- Større fokus på kostnadskutt gjennom samarbeid og effektiv kapitalutnytting
- Bruksstrukturendringar gjennom leigejord og samarbeidarbeidsløysingar.
- Større krav til dyrevelferd og etikk og sikker og trygg mat vil medføra omfattande investeringar dei komande åra.
- Innanfor volumproduksjon må inntektsauken takast gjennom effektivitetsauke eller kostnadskutt.
- Bygdepolitikk er meir enn landbrukspolitikk. Suksessen til andre næringar på bygdene er som før også avgjerande for det framtidige landbruket vårt.

Landbruksdirektør Bakkebø ser føre seg positive tiltak for dei bøndene som vil satsa:

- Meir midlar for å stimulera til vidareforedling av produkt som det er høg betalingsevne for i marknaden.
- Kanskje meir midlar til produksjonsnøytrale tiltak som: Landskap, bygningar og gjerne såkalla handlingsboren kunnskapsoverføring.
- Tenesteproduksjon i landbruket har ei framtid, her vil bønder kunna tevla med eit pris- og lønsnivå som er etablert her i landet.
- Utvikling av matmangfaldet gjennom nyskaping, produktutvikling og marknadsutvikling.
- Utvikla samarbeidstiltak på brei basis gjennom nye organisasjonsformer. Både mellom bønder og mellom bønder og andre næringsdrivande.
- Prisauke kan først og fremst takast ut i produkt som er knytt til kultur, eksklusivitet, oppleveling og handverksmessig produksjon.
- Forenkling av reglar, mindre styring, større fridom.
- Utvikla næringar som ligg i skjeringspunktet mellom landbruk og kultur.

16.3. Sterk støtte til landbruket

«Det er ingenting som tilsier at norske bønder ikke skal få avsetning på unike kvalitetsprodukter. Men kundene må få vite om dem, og varene må bli mer tilgjengelige». Denne utsegna er ikkje henta frå ein festtale i ein bondeorganisasjon, men sitat frå innleininga i leiaren i Bergens Tidende 5. september 2004 i samband med marknadsdagane Bønder i bydn. Så seint som sommaren 2004 meinte 2/3 av spurde folk her i landet at styresmaktene bør arbeida for å sikra at matproduksjonen i Noreg vert halde på same nivå som i dag. Senter for norsk statistikk gjorde ei spørjegranskning for Norges Bondelag. Undersøkinga var gjort før rammeavtalen i WTO-forhandlingane var klar.

Det er flest kvinner (70 prosent) som vil halda oppe matproduksjonen på dagens nivå, medan 57 prosent av mennene vil det same. Blant dei politiske partia er det berre Høgre som ikkje har fleirtal for å halda oppe matproduksjonen, her er talet 30 prosent for.

17. Innspel til planarbeidet

Bondelaga i Kvam, samstyret, 5 oktober
Johannes Skogseide Børsheim, 5630 Strandebarm, 10. september
Bakka-Børsheim-Tangerås hjortevald v/ Johannes Skogseide Børsheim. 10. september
Ståle Brenne og Margunn Ringøy Brenne, Strandebarm, 8. September (Spesielt om drifta på gnr. 121, brn. 13)
Åse Bø Haukås og Lars Haukås, Haukåsvegen 344, 5630 Strandebarm, 16. september. (Om kommuneplanen, men også sendt som innspel til landbruksplanen. Spesielt om drifta på garden deira)
Hordaland pelsdyralslag v/Arne Gjerde, 5630 Omastrand, 14. september
Innstranda Grendautval, 10. september
Kvam bonde- og småbrukarlag , 9 september
Kvamskogen Næringslag, 6. september
Mundheim hjortevald v/ Kåre Nes 17. september
Norheimsund Grendautval, 5600 Norheimsund, 14. September
Erling Skiple: Merknad til landbruksplan, epostar 26 og 27 okt 2004
Strandebarm grendautval, 14. sept
Lars Tyssebotn, 9 september
Tørvikbygd Grunneigarlag v/ Sverre Brattli, 5620 Tørvikbygd, 9. september
Ungdomsrådet i Kvam, 28. juni 2004
Ytre Hardanger skogeigarlag v/ Øyvinn Askeland, 8 oktober . Vedlegg: Brev fra Ytre Hardanger skogeigarlag og Kvam skogeigarlag til Kvam heradstyre: Skogkompetanse i Kvam herad, 26 april 2004. Kvam herad sine serviceerklæringar om skogkultur og forvalting av skogressursar.
Øystese arbeidarlag, telefon frå Helge E. Olsen til Gunnar Dolve kring 1. juni og brev 20. september
Øystese Næringslag, 2 september
Øystese Saualslag og Vikøy Saualslag, 14. sept.

18. Ein del kjelder

Arv, Årsskrift 2004, Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland avdeling, Tema: Kulturlandskap i Hordaland
Ole Bakkebø: Landbruksbasert bygdeutvikling, innlegg på seminar i Norheimsund Bergens Tidende, sundag 5 september 2004, leiar: «Nordmenn og mat»
Bergens Tidende, BT-magasinet 23 oktober: Dagstur til spiskammerset (BT har drive oppsøkjande matauk hos bønder i Kvam)
Bondevennen nr 37, 2004: - Vi bør produsere storfekjøt i samdrift, intervju med Dag Starheim, nestleiar for styret i Gilde Vest
Det kongelige landbruksdepartement: Stortingsmelding nr. 19 (1999 - 2000) Om norsk landbruk og matproduksjon.
Fisk & Vilt, nr 1, 2004: Omsetningen innen utmarksbasert reiseliv kan dobles.
Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga (nettsidene)
Gunnar Dolve: Om jord- og kosesjonslov, innlegg på møte i referansegruppa 28 sept 2004
Gunnar Dolve: Om «tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)» og «tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)»
Kvam herad: Miljøstatus for Kvam 1994
Kvam herad: Kommuneplan 2002 - 2014: Mål og strategiar
Kvam herad: Utmarksprosjektet, opplysingar om arbeidet ved prosjektleiar Ove Sandven

Landbruks- og matdepartementet (nettsidene)

Landbruksplan for Hordaland 2004 - 2007

Mattilsynet: Møte med Arne Valland og Jon Teigland 9. september 2004

Norderhaug, Ann: Om Storfjordprosjektet og utfordringer ved oppfølgingen av prosjektet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2003.

Rettleiingsteneste og anna: Møte med Liv Lyngstad, Hardanger og Midthordland Forsøksring og Karsten Valland Tine produsentrådgjeving, 22. september 2004.

Erling Skiple: Skogen i Kvam og innlegg på møte i referansegruppa 28. sept 2004

Erling Skiple: Diverse tilleggsnotat, på epost 27 okt: Lauvskogen i Kvam, Oversyn over skogressursane i Mundheimsdalen, Kva er kulturlandskap ?, Tenestefråsegn skogbruk (sektor under skogbrukssjefen), Framlegg til statsbudsjett for 2003.

19. Vedlegg

Brev om seminar med adresseliste av 3. mai 2004, ref. 04/284-9/N-640/GDOL

Skogen i Kvam, oppdatert notat pr. 2004 laga av tidlegare skogbruksjef i Kvam Erling Skiple Bergens Tidende, BT-magasinet 23 oktober 2004: Dagstur til spiskammerset.